



Karl Johan Hallaråker

Åndeleg leiarskap og den kristne forsamlinga i bedehuset



Det Vestlandske Indremisjonsforbund
1997

Føreord (Dette bør lesast først!)

Dette rettleiingsheftet vart godkjent i styret for Det Vestlandske Indremisjonsforbund (Forbundsstyret) 16. juni 1997. Heftet er skrive av generalsekretær Karl Johan Hallaråker. Den første oppmодinga til å ta opp temaet kom frå DVI sitt rådsmøte i mai 1995. Saka har vore framme i ulike samanhengar i organisasjonen dei siste åra. Eit høyningsutkast vart lagt fram for Forbundsstyret i februar 1997. Dette forslaget har så vore til høyring i styra for krinsane, byforsamlingane og lærarrådet ved Bibelskolen vår på Bildøy. Høyringane gav verdule merknader. Uttalane syner at det i hovudsak er tilslutning til rettleiinga sin læremessige profil og at det er nødvendige og aktuelle tema som vert sette på dagsorden. Dei punkta som det er noko ulike vurderingar av i organisasjonen, er spørsmåla om ein i visse høve kan akseptera bedehusdåp og det praktiske tilhøvet til den offisielle kyrkja. Dei fleste gjev uttrykk for støtte til dei vurderingane som var i høyningsutkastet. Somme vil gjerne at rettleiinga skal vera meir open for bedehusdåp, medan andre ikkje ønskjer at det skal praktiserast. Dei siste er redde det går i retning av «frikyrkjetenking». Det er å merka at ingen har sagt nei til den læremessige profileringa om at alle tre nådemidla prinsipielt er frie.

Dette endelige heftet er i hovudsak lik det som vart sendt ut til høyring. Det er gjort nokre presiseringar og mindre endringar. Forbundsstyret slutta seg til heftet slik det no ligg føre med dette vedtaket:

- «1. Forbundsstyret sluttar seg til det framlagde forslaget til rettleiingshefte om Åndeleg leiarskap og den kristne forsamlinga i bedehuset.
- 2. Rettleiingsheftet vert lagt ved Årsmeldinga for 1996 med tanke på samtale i Årsmøtet dette året.
- 3. Forbundsstyret ser det viktig at rettleiingsheftet vert teke i bruk i DVI sine lag og i misjonsarbeidet med tanke på å oppmuntra til godt engasjement om indremisjonskallet vårt framover.»

Forbundsstyret meiner at rettleiinga inneholder mykje verdule materiale som bør engasjera indremisjonsleiarar i krinsar, byforsamlingar og ikkje minst i ulike lokale samanhengar. Forbundsstyret vil oppmuntra til at heftet vert studie- og samtalehefte i styre- og leiaranlegg framover. Til kvart kapittel er det laga tre «hjelpestørsmål» med tanke på å få i gong samtale om og drøfting av dei ulike tema.

Siktemålet er først og fremst å gje hjelp og inspirasjon til lokale indremisjonsleiarar slik at dei kan drøfta framtida og strategien for sitt bedehus og si forsamling. Vi vonar at vi i tida som kjem, kan få ein god samtale om dei viktige spørsmåla som er tekne fram her. Vi har saman eit kall frå Gud til å nå folket med Guds ord til frelse og liv. Til å «forstå» heftet og den rettleiinga som vert gjeven her, er det viktig å vera merksam på følgjande: Rettleiinga inneholder tre «plan» som visseleg heng saman, men som ikkje må blandast saman.

Plan 1 inneholder det som ligg fast og den profilen som rettleiinga ønskjer å gje tydeleg ut frå organisasjonen sin basis. DVI sitt læregrunnlag i Bibelen og den evangelisk lutherske vedkjenninga (DVI sine lover) og slik det er presisert i «Syn og retningsliner for DVI» (1953), står ikkje til diskusjon i dag. Denne rettleiinga prøver å tydeleggjera denne profilen. Her er nytta uttrykket «Evangelisk luthersk vekkingsteologisk profil». Sjølv om uttrykket kan synast nytt, meiner vi at det nettopp dekkjer DVI sin læreprofil, og gjer tydeleg kva sjølvforståing organisasjonen har.

Plan 2 set sentrale og aktuelle tema på dagsorden. Kapitteloverskriftene syner kva spørsmål dette er. Vi ser det viktig at ein set fokus på slike saksfelt i dag når vi ønskjer å føra indremisjonskallet vårt vidare. Korleis bør vi leggja til rette for ein tydeleg og meir synleg lokal åndeleg leiarskap med utgangspunkt i vår forståing av det allmenne prestedømmet – som ei radikal nådegåve- og lekemannsrørsle? Korleis kan vi styrkja forsamlinga og eit meir synleg forsamlingsfellesskap i bedehuset? Det er vår overtyding at det er viktig at indremisjonsfolket og ikkje minst lokale leiarar drøfter grundig slike spørsmål i dag. Så langt som mogeleg må vi ha ein realistisk oversikt over sitasjonen, og prøva å staka ut ein kurs som møter utfordringane vår i eiga samtid.

Plan 3 har konkrete råd til vurdering og visse «føringar» til det vi meiner er klok løysing. På dette planet plasserer vi til dømes forslaga med konkrete råd til styret, vurdering av utøvande forsamlingsleiarskap og «forsamlingsråd», tidspunkt for samling i storfellesskapet, møteopplegg med meir. På dette planet vil ein naturleg nok vurdera situasjonen ulikt både i ulike geografiske område av DVI og i ulike lokale samanhengar. Vi ser ikkje ulikskap i slike ordningsspørsmål som problematiske for forbundsfellesskapet. Respekten for kvarandre kan derimot verta styrkt ved at vi kjenner oss trygge i vår læreovertyding og finn naturlege lokale ordningar til gagn for indremisjonskallet vårt.

Dåpssaka må også lesast i lys av desse tre plana. Vår dåpslære ut frå Guds ord, den evangelisk lutherske vedkjennings, «Syn og retningsliner» og den vekkingsteologiske profil som DVI har stått for, høyrer til plan 1. At heile saka om nådemidla i forsamlinga vert sett på dagsorden, vil dei fleste vera samde om. I vår kyrkjesituasjon og med dei ulike straumdraga både i kyrkje og bedehus, er det heilt naudsynt at så livsviktige spørsmål for tru og liv vert drøfta. Korleis ein så praktisk løyser til dømes dåpsspørsmålet, meiner vi prinsipielt høyrer til plan 3. Den endelege avgjera ligg prinsipielt etter Forbundet si oppbygging i den lokale forsamlinga. Dette vil Forbundsstyret respektera. Når vi samtidig gjev uttrykk for føringar om å syna stor varsemd, er det fordi vi konstaterer at spørsmålet er omstridd og kjenslevart i lokale samanhengar, og fleire opplever at lokale løysingar vedkjem heile organisasjonsfellesskapet.

Tilhøvet til Den norske kyrkja er også eit tema som har stått sentralt i samtalen omkring denne rettleiinga. Går rettleiinga meir i frikyrkjeleg lei for DVI? Slike spørsmål har vorte stilte. Til det er å svara: Poenget har ikkje vore ein eller annan retning. Vi har prøvt å tydeleggjera organisasjonen sin ståstad som ei lågkyrkjeleg og radikal lekmannsrørsle med ein sjølvstendig basis i den frie forsamlinga på bedehuset. Dette er ikkje noko nytt, men i pakt med heile vår historie. Det er vår vurdering at når vi står reflekterte og trygge på denne grunnen, kan vi finna ein praktisk og klok strategisk veg framover. «Kyrkjegeografien» er ulik over landet vårt både i historisk og aktuelt lys. I dette heftet prøver vi å seia følgjande: Lekmannsrørsla i bedehuset har ein sjølvstendig basis med forsamlingsrett og kallsrett til sine tenarar. Indremisjonene er «i kyrkja, men ikkje under kyrkja». Indremisjonsfolket sørger over mykje av utviklinga i kyrkja med uklar forkynning og rettleiing i både dogmatiske og etiske spørsmål som er i strid med bibel og vedkjennning. Kyrkjeleiara synest så altfor ofte å vera opptekne av å føra strengt tilsyn med ordningar, men toler langt lettare læreavvik. Dette er mellom anna grunnar for at vi heller ikkje i høve til kyrkja berre kan kopiera gamle relasjonar, men spørja sindig kva konsekvensar slikt har for tilhøvet kyrkje–bedehus i dag. Slike vurderingar tyder likevel ikkje at vi ikkje rettar sokjelyset mot oss sjølv i bedehuset. Hovudpoenget med denne rettleiinga er jo nettopp å gje hjelp til i vårt eige arbeid å føra ein stø læremessig kurs, og driva eit framtidssretta indremisjonsarbeid i møte med dei utfordringane som vi ser i vår tid. Men vi vil også gje det klart at vi gler oss over alle som arbeider og alt arbeid som skjer i Den norske kyrkja i truskap mot Guds ord. Vi kjenner samfunn med mange medarbeidarar som gjennom teneste, råd og arbeid er i verksemd for at folket skal verta frelst og vara hos Jesus. Vi veit òg at det er

mange i den offisielle kyrkja som deler smerten med oss over fråfallet i truslæra og moralske spørsmål. Slik sett vonar vi at denne rettleiinga kan styrkja det gode tilhøvet det mange stader er mellom kyrkje og bedehus til beste for vårt sams kall. Samtidig vonar vi at enno fleire i kyrkja vil sjå at ei sjølvstendig og radikal lekemannsrørsle i truskap mot Guds ord, er den beste «hjelp» til å verna kyrkja i truskap på dette læregrunnlaget, og hindra at mange vil forlata kyrkja til fordel for andre kyrkjesamfunn eller nye frie forsamlingar (menigheter).

Bildøy den 16. juni 1997

Karl Johan Hallaråker

Vedtak gjort av Årsmøtet 1997:

«Årsmøtet sluttar seg i hovudsak til styret si utgreiing om Åndeleg leiarskap og den kristne forsamlinga i bedehuset. Årsmøtet meiner at her er lagt vekt på viktige hovudlinjer for indremisjonen sine utfordringar framover. Årsmøtet er glad for at samtidig som utgreiinga gjer tydeleg Forbundet sin sams basis og føremål, vert krinsane og lokalforeiningane utfordra til å finna sin naturlege veg i arbeidet.»

Innhald

Føreord (Dette bør lesast først!)	s. 1
1. Innleiing	s. 7
1.1 Eit kall frå Gud	
1.2 Oppmoding til lokal drøfting	
1.3 Evangelisk luthersk vekkingsprofil	
1.4 Medvitne lokale forsamlingar	
Tre hjelpestørsmål	
2. Lokalt åndeleg leiarskap	s. 8
2.1 Allment prestedøme, nådegåver, tenestekall	
2.2 To leiargrupper	
2.3 Tenarar og tilsynsmenn	
2.4 Styre med forsamlingsomsorg	
2.4 Forsamlingsleiarskap og forsamlingsråd	
2.5 Tittelbruken	
2.6 Regionalt tilsyn	
2.7 Kvinner og menn	
2.8 Forbønn og handspålegging	
Tre hjelpestørsmål	
3. Forsamlinga i funksjon	s. 15
3.1 Forsamlinga – eit vennesamfunn	
3.2 Meir synleg forsamlingsfellesskap	
3.3 Søndagssamlingar	
3.4 Småmøte	
3.5 Møteveker	
3.6 Aksjonsmøte	
3.7 Diakonalt arbeid	
Tre hjelpestørsmål	
4. Nådemidla i bedehuset	s. 20
4.1 Eit klart læregrunnlag	
4.2 Det store nådemiddelet	
4.3 Nådebordet	
4.4 Dåpslæra	
4.5 Dåp heime eller i bedehus?	
4.6 Argumentasjon mot bedehusdåp	
4.7 Råd om dåpspraksis	
4.8 Eit viktig etterord	
Tre hjelpestørsmål	

5. Kyrkjeneset s. 27

- 5.1 I kyrkja, men ikke under kyrkja
- 5.2 To syn på ellipsen
- 5.3 Kyrkja er Guds folk samla om ord og sakrament
- 5.4 Fleire grunnar for kyrkjemedlemskap
- 5.5 Ei «folkeordning»
- 5.6 Prioriter bedehuset!
- Tre hjelpestørsmål

6. Indremisjonen i lokalsamfunnet s. 31

- 6.1 Dei andre misjonsorganisasjonane
- 6.2 Andre kyrkjessamfunn
- 6.3 Dei offentlege styremaktene
- 6.4 Skulesektoren
- 6.5 Media
- Tre hjelpestørsmål

7. Åndelege ideal s. 34

- 7.1 Tre grunnsetningar
- 7.2 Bibel- og vedkjenningstruskap
- 7.3 Vekking og misjon
- 7.4 Det heilage samfunnet
- 7.5 Heilagt liv og pietistisk livsstil
- 7.6 Bønn
- 7.7 Det allmenne prestedømet og nådegåvene
- 7.8 Haugiansk arv
- Tre hjelpestørsmål

8. Organisasjonsprofil og felles ansvar s. 39

- 8.1 Starten
- 8.2 Årsmøtet
- 8.3 Forbundsstyret
- 8.4 Forkynnaraane
- 8.5 Sambåndet
- 8.6 Bibelskulen
- 8.7 Lyngdal Jordbrukskule
Framnes Kristne Vidaregåande Skule
- 8.8 Fleire skular
- 8.9 Diakonale tiltak
- 8.10 Innvandrarservice
- 8.11 Media
- 8.12 Støtte til Finnmark
- 8.13 Økonomi
- Tre hjelpestørsmål

Litteratur s. 43

1. Innleiing

1.1 Eit kall frå Gud

Indremisjonsfolket har fått eit kall frå Gud. Dei har ei overtyding i Guds ord. Dei har ein arv i våre åndelege røter. Utfordringa er å mynta ut dette kallet, denne overtydinga og denne arven i møte med vår eiga samtid. Det er noko av dette som skal oppta oss i det følgjande. Denne rettleiinga kan ikkje gje konkrete svar på korleis indremisjonsarbeidet bør drivast på kvar stad. Vi har også full respekt for at tilhøva er svært ulike på dei ulike stadane.

Geografiske skilnader og tradisjonar er også ulike. Vi har frå større og mindre byar med eigne byforsamlingar, til større og mindre landdistrikt og til små stader utan eiga indremisjonsforeining. Nokre stader har DVI berre kontaktperson for møteverksemd. Det skifter frå bedehuskrinsar med mange personressursar til andre område der trufaste indremisjonsvenner har halde på i årevis utan å få yngre til å føra arven vidare.

1.2 Oppmoding til lokal drøfting

Det er eit ønske at denne rettleiinga kan stimulera alle til å drøfta notida for arbeidet ut frå sin situasjon og gripa tak i dei utfordringar som ligg framføre. Alle kan vi be om å få sjå dei gjerningar som Herren legg framføre oss.

Korleis kan vi finna ein konstruktiv veg for dei ideala indremisjonen står for? Korleis kan nye generasjonar kjenna indremisjonen og bedehuset som sin omsorgsfulle heim og strategiske misjonsstasjon? Slik vil vi la utfordringane dirra i våre hjarteliv. Vi oppmodar til å drøfta denne rettleiinga grundig, og helst meisla ut eigne lokale planar for arbeidet. Vi er også medvitne om Forbundet si oppbygging med sjølvstendige krinsar og byforeiningar. Difor oppmodar vi styra i krinsar og byforeiningar til å drøfta rettleiinga og gje signal til sine samanhengar. Vi har ikkje rekna med at denne rettleiinga skal gjennomførast med enkle og hurtige vedtak. Det er meir tale om ein medvitne prosess og ein ressurs for framtidig indremisjonsarbeid. Målet vårt er altså å gje inspirasjon, visjon og konkret rettleiing slik at vi kan kjenna fornying om kven vi er (identitet) og kva veg vi går i dag (retning og profil). Vi vonar med dette at kvar eining i indremisjonen kan kjenna seg trygg på sin eigen grunn og fornya arbeidet slik ein sjølve kjenner tru for. Det er altså ikkje meiningsa med denne rettleiinga å «pådytta» nokon endringar som ein ikkje lokalt kjenner seg heime i.

1.3 Evangelisk luthersk vekkingsprofil

DVI har ein klar identitet. Lågkyrkjeleg lekmannsrørsle med basis i bedehuset

og med «ein evangelisk luthersk vekkingsprofil» er vårt merke. (Denne nemninga er nærmere utdjupa i kapittel 4.) Difor er det utviklinga for bedehusarbeidet som naturleg nok opptek oss. Vi må setja eit positivt kritisk sokelys på vårt eige arbeid i bedehuset og indremisjonen. Det er lett å falla i den grøfta at vi kritiserer andre og dekkjer til vår eigen veikskap. Det er ingen berekraftig misjonsstrategi å brukha hovudkrefte på negativ kritikk mot andre, enten det er åndssituasjonen i samfunnet eller lærefrafallet i kyrkja. Vi må retta ransakinga først og fremst mot oss sjølv og vårt eige arbeid. Men vi lever ikkje isolert. Situasjonen i dei andre misjonsorganisasjonane, kyrkja og samfunnstilhøva vedkjem oss sjølvsagt også. Vi må vera medvitne om vår veg i dei kyrkje- og samfunnstilhøva som eksisterer i dag.

1.4 Medvitne lokale forsamlingar

Vår hovudkonklusjon er klar. Indremisjonsarven vert best ført vidare ved at vi byggjer medvitne lokalforsamlingar i truskap mot Guds ord og vår evangelisk lutherske vedkjenning, der vekkingselden brenn mellom Guds folk, nådegåvefellesskapet fungerer og erobringssanden er levande. Dette skjer ved at kvar kristen lever i lyset og i truskap mot kallet frå Gud. Slik sett vil korkje vårt eige misjonsfolk eller andre som kjerner DVI si historie finna «nytt» i dette heftet. Her er ikkje noko som lærermessig og prinsipielt bryt med vår basis og historiske profil.

Tre hjelpestørsmål – 1

- * Korleis bør indremisjonsstyret leggja opp samtaLEN om dei tema som vert tekne opp i dette rettleiingsheftet?
- * Har de god kontakt med leiinga i dykkar krins og i DVI?
- * Har indremisjonsstyret god kontakt med styre og leiarar i barne- og ungdomsarbeidet?

2. Lokalt åndeleg leiarskap

2.1 Allment prestedøme, nådegåver, tenestekall

Indremisjonen profilerer seg gjennom det lutherske kyrkjessynt: Åndeleg leiarskap i den kristne forsamlinga byggjer på det allmenne prestedømet, den

nådegåve–fordeling Herren gjev og dei tenestekalla forsamlinga peikar ut. Det var denne overtydinga som fødde lekmannsarbeidet og gav dette folket tryggleik i Guds ord til å ha den frie forsamlinga i bedehuset som basis for liv og arbeid. Det store spørsmålet er no ikkje minst for lokale leiarar: Korleis tek vi best vare på denne arven og dette kallet i vår tid? Dette utfordrar vi lokale styre og leiarar til å samtala om og be over.

2.2 To leiargrupper

Med lokal åndeleg leiarskap i indremisjonen tenkjer vi konkret på to leiargrupper. Først tenkjer vi på dei som sit i styret, formenn og andre som vert oppfatta som leiarar i forsamlinga med styrings-, tilsyns- og leiande hjelpefunksjon i forsamlinga. Dinest tenkjer vi på dei som er valde eller utpeika til leiarar for konkrete arbeidsoppgåver i forsamlinga – barne- og ungdomsleiarar, formenn i kor, grupper, søndagsskule med fleire. Det er den første gruppa vi har fremst i tanken i dette dokumentet. Ei av deira oppgåver kan vi alt nemna. Det er å rettleia, støtta og ha omsorg for dei «underordna» leiarane. Eit av problema i dagens bedehusarbeid er at mange leiarar for konkrete tiltak – særleg barne- og ungdomsleiarar – ofte må oppstre på eiga hand og er isolerte frå forsamlingsleiinga. Dette er uheldig både for deira konkrete leiaroppdrag, og det er lite utrustande for desse til seinare å verta ein del av forsamlingsleiinga. Det er også å svikta oppsedinga av unge kristne dersom vi eksklusivt overlet dei til unge og urøynde ungdomsleiarar. Vi må drøfta oss fram til ei god samordning her.

2.3 Tenrarar og tilsynsmenn

Vi får mange signal om at det er nødvendig å synleggjera og tydeleggjera den åndelege leiarskapen i bedehuset betre i vår tid. Vi må velja leiarar i pakt med Guds ord. Styret og leiarane må stadig gjerast medvitne om at dei er åndelege leiarar og at dei har eit åndeleg ansvar for forsamlinga. Men dette hindrar ikkje at vi må våga å sjå på vår organisatoriske struktur om denne svarar til dei krava som vår tid stiller til å føra indremisjonsideala vidare.

Dei som utøver den åndelege leiarskapen skal vera tenrarar og tilsynsmenn i den kristne forsamlinga som vernar, styrkjer og leier dei truande. Guds ord stiller klare etiske føresetnader til dei som skal ha slik leiararteneste. 1 Pet 5,1ff; 1 Tim 3,1ff. Dei åndelege leiarane skal syna hyrdeomsorg overfor forsamlinga, vera førebilete for dei truande og ha godt omdøme i folket. Siktemålet er klart: «så dei heilage kunne setjast i stand til å gjera teneste, til å byggja opp Kristi lekam.» Ef 4,12.

Å synleggjera leiarskapen kan skje ved at ein set fokus på temaet i omtale i forsamlinga, at leiarane får tydelege funksjonar og at dei vert «innsette» med konkrete forbønnshandlingar i forsamlinga. Det nye testamentet kjenner ingen bestemt embetsstand, men innviing og forbønn med handspålegging til konkret teneste i forsamlinga. 1 Tim 4,14; 2 Tim ,6j; Apg 6,6 og 13,3.

2.4 Styre med forsamlingsomsorg

Styret som vert vald av det lokale årsmøtet, er nøkkelen i indremisjonen sin leiarskap. Her må ein leggja vinn på å velja personar som har natur- og nådegåver til leiing – først og fremst åndeleg, men også praktisk og økonomisk.

Indremisjonsstyret bør sjå sitt oppdrag meir i retning av å vera styre for forsamlinga, og ikkje berre som styre for ei arbeidsgrein. Dette er enklast der indremisjonen eig huset og står for det meste av arbeidet. Men i mange bedehus lever organisasjonane ved sida av kvarandre. Her kan det lett oppstå vanskar og mistydingar. Vi vil oppmuntra indremisjonsleiarane til å drøfta situasjonen i bedehuset med dei andre organisasjonane på ein klok og mjuk måte. Vi ønskjer ikkje å «styrkja» indremisjonsarbeidet på ein måte som kan gje inntrykk av å overkøyra dei andre organisasjonane. Indremisjonen ønskjer ikkje å vera herskar i bedehusarbeidet. Men vi kjenner på eit gudgjeve tenarkall om å byggja lokale forsamlingar som basis for indre og ytre misjon. Vi er overtydde om at når dette skjer, vert det den beste frukt og velsigning for alt misjonsarbeid i bedehusa. Det er dette som er vårt gamle kall – reisa vennesamfunnet og fullføra verdsmisjonen. Det er dette kallet som skulle gjera det tenleg å drøfta bedehussituasjonen med alle som ønskjer å ha bedehusforsamlinga som sin åndelege heim og misjonsstasjon.

Det er viktig at styret drøfter sitt kall i lys av det oppdrag dei har, men også i lys av dei nådegåver kvar styrelem har. Slik vert styret og styrelemene medvitne og trygge på si teneste i forsamlinga.

Etter indremisjonen sin tradisjon vert den åndelege leiarskapen utøvd gjennom styret og andre med tydeleg leiartillit i forsamlinga. Desse siste er gjerne personar som tidlegare har hatt plass i styret, men som seinare på grunn av alder og andre omsyn berre har sin plass i forsamlinga eller i andre oppdrag i misjonen. I ein radikal lekmannsorganisasjon som legg vekta på det allmenne prestedømet og nådegåvene, er det viktig å ta vare på denne leiarressursen i forsamlingane. Dei representerer ofte ein åndeleg og historisk innsikt som er til uvurderleg hjelp for styret og dei truande i forsamlinga. Men vi skal også

vera merksame på at eldre leiarar som hadde si ansvarstid, stundom ikkje makter å skilja mellom dei gamle ideala indremisjonen står for, og den måten desse ideala best vert aktualiserte på i vår tid. Vi skal vera merksame på at denne arven vert ikkje utan vidare ført til nye generasjonar gjennom «kopiering», men å mynta ideala ut i det kallet vi ser i vår eiga samtid.

2.5 Forsamlingsleiarskap og forsamlingsråd

Bør indremisjonen få «eldsteråd» og meir «bibelske» titlar for sine lokale leiarar? Spørsmåla er gamle. Det kan vera sunt at dei stadig vert reiste. Det er til hjelp for medviten vurdering av situasjonen og vårt kall. Dette er spørsmål som er naturlege å drøfta i samband med vurderinga av meir synleg leiarskap. Det er også aktuelt i vår meir ekumeniske tid. Særleg unge les slike tankar ut om Guds ord, samtidig som dei ser at andre kyrkjelydar og forsamlingsar har sine eldsteråd, forstandarar og pastorar. Kvifor er det ikkje slik hos oss? Vi saknar jo åndelege leiarar!

Det er viktig at vi drøfter desse spørsmåla med eit ope sinn i truskap mot Ordet. Her er viktige bibelske poeng som ikkje må verta oversette. Vi ser likevel ikkje for oss ein radikal ny veg for indremisjonen og bedehuset. I pakt med vår historie og lovene våre, vil den lokale leiarstrukturen vera knytt til styret og leiarskapen der. Vi har også alt understreka at det lokale indremisjonsstyret må vera medvite om at dei er åndelege leiarar og at dei har eit åndeleg ansvar for forsamlinga. Styret sit med leiaransvaret innanfor den ramme og med det mandat dei er valde til i årsmøtet.

Der heile styret kan fungera som synleg åndeleg leiarskap saman med dei «frie» leiargåvane, er det greit. Mange stader vil det også vera slik. Men vi tilrår også at ein vurderer følgjande: Nokre frå styret og kanskje nokre andre med leiartillit i forsamlinga vert peika ut til å stiga fram i forsamlinga som utøvande åndeleg leiarskap. Ein slik forsamlingsleiarskap kan også vera eit «forsamlingsråd» som slik vert ein ressurs for styret, og har konkrete leiaroppgåver i forsamlinga. I eit bedehus der ulike misjonsorganisasjonar arbeider side om side (mest vanleg), kan det vera klokt å ha eit forsamlingsråd der personar med leiarverv i andre organisasjonar vert trekte med.

Forsamlingsleiariane og forsamlingsrådet er altså ikkje tenkt som ein total ny leiarsstruktur, men har til oppgåve å vera råd for styret, og til å ha konkrete oppgåver i forsamlinga. Vi tenkjer på slikt som

- vera føredøme i liv og lære.
- å ha tilsyn med forsamlinga.

- å rettleia om den sunne læra og det sunne livet, og verna mot vrang lære og liv.
- å ha omsorg for den enkelte truande sitt gudsliv.
- å elsk fram nådegåvane i forsamlinga.
- å leia nattverdsamlingane.
- å verta tilkalla for å be for og salva sjuke.
- å leia forbønnshandling for dei ulike leiarane.

Å peika ut ein åndeleg leiarskap for forsamlinga, kan gje betre kontinuitet og konsentrasjon om dei åndelege oppgåvane. Eit av problema i indremisjonen og bedehuset i dag, er at personar sit for kort tid i leiarverv (til dømes formannsskifte mest kvart år.) Når ein skal peika ut medlemmer til ein slik åndeleg leiarskap, kan ein gjerne henta lærdom frå den måten ein mange stader har peika ut nokre menn til å leia nattverdmøta. Vi ser det naturleg at den utøvande forsamlingsleiarskapen ikkje har for mange medlemmer, men likevel er sett saman av personar frå styret og gjerne andre med slik leiargåve og tillit i forsamlinga. Det er altså positivt om desse har tilknyting til fleire av organisasjonane i bedehuset. Uansett kva måte ein ordnar dette på, trur vi at synleggjering av dei åndelege leiarane i forsamlinga vil ha ein samlande og positiv effekt for bedehusfolket. Dei konkrete forslaga er altså «råd» frå vår side. Ingen treng stressa det lenger enn at dersom dagens ordning fungerer godt åndeleg, kan ein med frimot halda fram slik. Vi legg også til eit viktig moment. Vektlegginga av ein åndeleg leiarskap skal ikkje undergrava det bibelske «anliggende» at det er heile forsamlinga som har ansvar for den sunne læra i forsamlinga. Åndeleg leiarskap har basis i den bibelske lekamstanken og det allmenne prestedømet. Det er ikkje tale om ein hierarkisk oppbygd leiarskap uavhengig av dei truande.

2.6 Tittelbruken

Når det gjeld spørsmål om tittelbruken, har det vorte aktuelt i samband med at personar har vorte tilsette i (større) lokale forsamlingar eller for eit avgrensa område (områdearbeidar). Titlar som har vore nytta har gjerne vore sekretær, og (barne- og ungdoms-, område-) arbeidar. Dette vert gjerne oppfatta som verdsleige titlar. Bør vi ikkje heller få meir bibelske titlar som eldste, hyrde eller forstandar?

Det er eit positivt føremål bak slike ønske. Ein ønskjer hjelp til å få dei åndelege leiaridene meir i fokus både innover i forsamlinga og overfor samfunnet. Desse momenta vil vi ta på alvor slik vi har peika på i avsnitta ovafor om å synleggjera meir tydeleg åndeleg leiarskap. Når det gjeld tittelbruken, må vi også vera opne for at indremisjonen kan leva godt med

lokale variasjonar. Når vi ikkje generelt tilrar ei konkret endring til bruk av eldste og forstandartittel i misjonen, har det fleire grunnar. I lys av kyrkjhistoria og kommunikasjonen omkring dei ulike kyrjesamfunna og kyrkjelydane, kan vi verta utslekt om skilnaden til vår forsamlingsprofil. Det kan også på sikt ha negativ innverknad på vår lekemannsline i høve til den eine forstandaren og i neste omgang pastoren. Det er nemleg vanskeleg å unngå at forstandar og liknande titlar vert oppfatta som embetstittlar i retning av det eine embedtet. Det kjem lett i strid med vår vekt på det allmenne prestedømet og «fleirtalet» av åndelege leiatar i forsamlinga. For mange kommuniserer det også i retning av kyrjesamfunn/kyrkjelyd. Vi nemner også at dei såkalla bibelske titlane i den bibelske samtida var offentlege titlar, som vart nytta med bibelsk innhald. Det viktigaste for oss er ikkje å skifta titlar, men gjera meir tydeleg det bibelske mandatet og oppgåva som ligg til grunn for kallet. Vi har ei stor utfordring i bedehuset til å leggja stor vekt på dei oppgåvene som dei såkalla bibelske titlane talar om – syna hyrdeomsorg, føra tilsyn og ha eit tenande forstandarskap.

2.7 Regionalt tilsyn

I arbeidet med å synleggjera betre åndeleg leiarskap, vil vi også setja fokus på regionale område ut over den lokale bedehuskrinsen. Vi ser at det er store skilnader mellom sterke og svakare bedehusforsamlingar innan eit og same prestegjeld. Situasjonen i samfunnet (skulestruktur, offentlege servicetilbod og handelssenter) fører til at folk har andre «møtestader» i dag enn før, og endra kyrkjeleg situasjon er moment som også høyrer med i desse vurderingane. Vi vil difor oppmoda krinsleiringar og lokale indremisjonsstyre til å drøfta denne situasjonen og vurdera samlande løysingar for regionar som er tilpassa dagens samfunnsstruktur. Ein veg å gå kan vera å danna åndeleg tilsynsleiing for eit bestemt område. Det kan til dømes vera for eit prestegjeld, eit sokn eller ein ungdomsskulekrins. Dersom det er ein områdearbeidar, kan ein rundt denne danna ei leiargruppe som får eit åndeleg tilsynsansvar, som fungerer som eit åndeleg råd og kontaktorgan for dei lokale bedehusa. Dette er ikkje mindre aktuelt der ein ikkje har tilsette arbeidarar. Slike åndelege tilsynsråd bør helst vera rekrutterte frå lokale styre og åndelege leiarskapar.

Dette er aktuelle spørsmål å drøfta mellom krinsstyre og lokale leiatar. Føremålet med å setja fokus på dette er at ikkje noko geografisk område må verta forsømt, og at ikkje små foreiningar skal vera utan hjelp og støtte. Alle må vera inkluderte i indremisjonsfellesskapet. Fleire stader kan ein her arbeida vidare langs den modellen ein har i dag med fellesforeiningar. Det er ikkje nødvendigvis eit poeng å byggja opp ein ny struktur i tillegg til den

organiseringa ein har i dag. Nokre stader har indremisjonen fellesforeining for eit prestegjeld eller ein kommune. Dette kan ein byggja vidare på. Vi trur det er klokt å vurdera dette både for bedehusarbeidet generelt, og for å møta dei utfordringar vi i dag ser både i møte med samfunnssituasjonen og utviklinga i kyrkja lokalt. Ikkje minst i kyrkje- og samfunnssituasjonen har det skjedd store strukturendringar over lengre tid. Den nye kyrkjelova og opptrappinga av mannskapssituasjonen i kyrkja, er også ei utfordring til bedehusarbeidet og indremisjonen til å ha ein struktur som møter vår tid. Den lokale sentraliseringa i samfunnslivet (skule- og servicetilbodet, handelssentra og byggjefelta) gjer det også aktuelt å ha tenlege leiarforum for bedehusleiarane på prestegjelds- og kommuneplanet. Indremisjonsleiarar bør møtast regelmessig på dette planet.

2.8 Kvinner og menn

I spørsmålet om åndeleg leiarskap kjem vi ikkje forbi spørsmålet om tilrettelegging av teneste for menn og kvinner i pakt med dei bibelske ideala. I dagens situasjon tyder det for det eine at først og fremst menn som har dei bibelske kjenneteikna, vert kalla til den synleggiorde åndelege leiarskapen. Det er i samsvar med Guds ord. 1 Tim 2,11–12 og 3,2; 1 Tess 5,12. Men samtidig må vi frimodig leggja til rette for kvinneleg teneste i forsamlinga ut frå vår felles kristenstand, nådegåvefordeling på Kristi lekam og den røynslerikdom dei representerer. Guds ord seier ja til frimodig teneste for både kvinner og menn. Kvinner skal vera medarbeidarar i forkynning, undervisning og andre tenester i den kristne forsamlinga etter sine nådegåver. Vi vil gjerne gje uttrykk for støtte og oppmuntring til dei kvinner som tek ansvar for misjonsarbeidet. Her har vi ein positiv arv i indremisjonen og vekkingsrørsla i bedehuset. Først når vi får fram fullnaden i Guds ord både om kvinner og menns teneste, kommuniserer vi tenesteskilnadane på ein positiv og truverdig måte.

2.9 Forbønn og handspålegging

Vi trur at det er viktig kvart år å «setja inn» styre og åndelege leiarar med forbønn og handspålegging. Det er viktig for dei, men også ei viktig markering for forsamlinga sitt medansvar. Dette kan gjerast i eit eige forbønnsmøte i «storforsamlinga».

Slik åndeleg markering i forsamlinga kan også vera med på å få fram dei åndelege oppgåvene og det åndelege ansvaret som leiarane har.

Tre hjelpestørsmål – 2

- * Kva inneber det å vera åndelege leiatar i lokalforsamlinga?
- * Korleis kan indremisjonsleiatar samarbeida med leiatar for andre misjonsorganisasjonar om å styrkja bedehusforsamlinga?
- * Korleis kan indremisjonsleiatar i ein region, ein kommune eller eit prestegjeld betra kontakten med kvarandre?

3. Forsamlinga i funksjon

3.1 Forsamlinga – eit vennesamfunn

Den åndelege leiarskapen har eit særskild ansvar for å gje mat til dei truande og hjelpa forsamlinga og den enkelte kristne til å vinna nye for Jesus. I samsvar med våre røter, vert forsamlinga i bedehuset i indremisjonen kalla vennesamfunnet. Sjølve nemninga vennesamfunn vert nytta i fleire tydingar og med fleire lokale variantar ut over landet. Det vert nytta om den vesle gruppa der to eller tre er samla i Jesu namn. Det vert nytta om fellesskapet mellom lokale venner i ein misjonsorganisasjon. Indremisjonen inkluderer både desse tydingane. Men sentralt i indremisjonen sitt «vennesamfunnssyn» står forsamlinga av dei truande i same bedehus på tvers av alders- og organisasjonsgrenser. Dette fellesskapet opplever mange i åndeleg forstand som sin «menighet». Her har vi nemleg vår åndelege heim. Vi kjenner eit tenarkall for at dette fellesskapet kan fungera godt i dag. Vi trur at her ligg viktige bibelske ideal, og vi trur slike forsamlingar er strategiske reiskapar for å føra vidare dei åndelege ideala som lekfolket i bedehuset har stått for.

3.2 Meir synleg forsamlingsfellesskap

Noko av føremålet med denne rettleiinga er å oppmoda lokale indremisjonsstyre til å setja sterkare fokus på forsamlinga og tydeleggjera åndelege ideal på denne basis. Difor vil vi også i det følgjande skildra aktuelle konsekvensar for ei bedehusforsamling i funksjon i dag. Vi presiserer at dette tyder ikkje styring eller herredøme over andre misjonsorganisasjonar sitt aktive arbeid i bedehuset. Vi ønskjer alle misjonsorganisasjonane det beste og Guds signing til frimodig teneste i og frå bedehuset. Men det tyder at vi

ønskjer at lokale indremisjonsleiarar skal ha frimot til å drøfta både innad i indremisjonen og med leiarar i andre bedehusorganisasjonar, korleis ein betre kan styrkja forsamlingsprofilen i bedehuset. Vi er overtydde om at det er tenleg for alt bedehusarbeid.

Korleis kan vi styrkja forsamlingsprofilen i bedehuset? I forrige kapittel har vi sett fokus på ein meir tydeleg åndeleg forsamlingsleiarskap. Vi trur det er ein viktig veg å gå. Her vil vi først peika på eit meir medvite tilhøve til synleg forsamlings-fellesskap i bedehuset. Kvart lokalt bedehus bør drøfta korleis og kva tid det er mest høveleg med slike «forsamlingssamlingar». Det er bibelske ideal ein skal ta vare på for dette fellesskapet. Apg 2,42. Men det er også viktig at ein praktisk legg til rette for eit fellesskap slik at folk i dag møter både sine åndelege og menneskelege behov i eit slikt storfellesskap.

Vi veit at korleis ein vert teken imot, korleis ein får tillit og gjeven konkrete utfordringar og vert rekna med, har avgjerande mykje å seiia for om folk søker varig tilknyting og vert verande i eit fellesskap. Her er det både menneskelege og åndelege faktorar som vi må ta omsyn til i bedehuset. Overser vi dette, lurer vi oss sjølve. Folk forsvinn på falske premissar som vi har stor skuld i. Det er ei stor utfordring til lokale styre og leiarar å elsa fram eit inkluderande og varmt forsamlingsfellesskap i sitt bedehus. Dette kan og må ein gjera utan å gå på akkord med Guds ord og dei ideala indremisjonen har. Dette er nettopp å syna slik truskap.

3.3 Søndagssamlingar

Vi trur at søndagen er mest eigna til «hovudmøte» for forsamlingsfellesskapet. Det er åndelege grunnar for å stimulera til samling på Herrens dag. Men det er også sosiale og samfunnsmesige grunnar. Vi får ikkje minst signal frå yngre familiar og yrkesaktive som ønskjer slike søndagssamlingar. Vekekeldane er så krevjande med arbeid, arbeidskvalifisering, og krav om å følgja opp borna i deira aktivitetar og skulesituasjon, at dei maktar ikkje meir regelmessig.

Søndagssamlingar i bedehuset har etter tradisjonen først og fremst vore familiemøte om ettermiddagen eller kveldsmøte. Folkepedagogisk kan det ha mange føremonar å ha fast dag og fast tidspunkt. Samlingar søndag føremiddag har til vanleg vore i veksling med gudstenester og samlingar i kyrkja. Vi meiner at det er rett å vurdera fleire føremiddagssamlingar i bedehuset. Det er sjølv sagt enkelt når det kan skje i vekselverknad med kyrkja. Det vil vera den naturlege vegen over store deler av Forbundsfeltet.

Det er korkje ressursar til noko anna eller ønskje om å laga ein dobbelstruktur med gudstenesta søndag kl. 11. Men vi ser også at det er aktuelt å vurdera fleire søndagssamlingar i bedehuset om føremiddagane. Det er mest aktuelt i byliknande strøk og der det ikkje vert opplevd som konkurranse til ei lokal kyrkje. Vi vil gjerne stimulera til at ein på stader der det er mogeleg og tenleg, legg til rette for regelmessige samlingar søndag føremiddag som hovudmøte for forsamlinga. Det ideelle ville vera at det var mogeleg i alle regionar å nå slike samlingar for dei som ønskjer det. Føremiddagsmøte i byforsamlingar som til dømes Betlehem i Bergens Indremisjon fungerer delvis slik i dag. Om det regelmessige skal vera kvar søndag, annakvar eller sjeldnare, får ein vurdera lokalt. Når vi oppmodar til slikt, er det ut frå dei sosiale samfunnstilhøva, men også ut frå det vi trur er beste strategi for å samla folk i dag på basis av dei vekkingsteologiske ideala som skal råda grunnen for bedehusfolket. Nøden over situasjonen i mange kyrkjer med liberal og uklar teologi og lita vekt på bibeltru forkynning, gjer det også ekstra aktuelt med alternative tilbod. Men vi understrekar at hovudpoenget er ikkje kritikk mot kyrkja, men kort og godt det at vi har tru og røysnle for at dette er positive tiltak for Guds folk. Det kan også hjelpe fleire som er anfekta over kyrkjesituasjonen til å halda fast på forsamlinga i bedehuset.

Innhaldet i denne hovudsamlinga må naturlegvis variera litt frå tid til tid, og det er avhengig av kva ressursar ein kan bruka. Vi nemner nokre moment som vi ser som vesentlege:

- * Sentral og fulltonande forkynning av Guds ord.
- * Truvedkjenningsa (som er formulert til uttrykk for og vern for bibelsk lære).
- * Sentral og allsidig song og musikk.
- * Barne- og familielaterte innslag (gjerne søndagsskule under «vaksenpreika»)
- * Møte med menneske og misjonsutfordring med offergåve.
- * Inkludering av unge og eldre si røysnle og nådegåveutrustning.
- * Bønn og forbønnsfellesskap.
- * Vekt på førebudd møteleiing.

Rundt desse samlingane er det også aktuelt å drøfta sosiale tiltak som menneske i dag har bruk for både for kontakt, bryta einsemd, bordfellesskap, samtale og barnetilsyn. Jamfør det vi har skrive i 3.2 om det å høyra til ein stad og kva folk søker etter.

3.4 Småmøte

Bønne- og vitnemøte er kjende innslag i bedehuslivet. Dessverre er desse møta ofte lite besøkte. Sjølv om desse møta oftest ber namnet «småmøte», er det verkelege stormøte for den kristne forsamlinga. Fleire stader er dei også dessverre borte trass i mykje anna aktivitet. Samtal i styret og forsamlinga om korleis ein kan fornya bønne- og vitnemøta! Her er det viktig å lytta til dei unge sine ønske og dei eldre si livsrøynsle. Også desse møta kan fornyast med songinnslag, konkret oppmoding til vitnemål, nådegåvemangfald, førebudd forbønnsstund og variert møteform og andre fellesskapsfremjande tiltak. På den andre sida må vi også vera merksame på at bønne- og vitnemøte fungerer best når gruppa ikkje er for stor. Somme har fornya bønne- og vitnemøta gjennom bønne- og samtalegrupper eller bibelstudiegrupper. Difor er det naturleg at ein også drøfter korleis ein kan få fleire med ved å leggja slike samlingar til heimar og dela bedehusområdet inn i meir lokale område. Vi nemner at fornying av bønne- og vitnelivet kan ikkje berre leggjast til dei konkrete bønne- og vitnemøta. Vi må vurdera korleis det betre vert profilen til indremisjonsfolket i heile livet deira i heimen, grannelaget, yrkeslivet og forsamlinga. Vi legg til at det bør vera eit mål at alle gruppene har eit medvite tilhøve til forsamlinga, og at dei ikkje kjem som erstatning for dette fellesskapet.

3.5 Møteveker

Bibel-, misjons- og andre møteveker er også tradisjonsrike i bedehusa våre. Oppstykking med ulike enkeltmøte må ikkje pressa bort møtevekene. Det er viktig at vi framleis legg til rette for slik verksemrd. God planlegging, – praktisk arbeid, forbønn og PR–tiltak – er viktig. Men også denne verksemda må vurderast. Mange stader slit ein mykje med slike møteveker. Det er viktig at ein då stiller seg spørsmålet om korleis verksemda kan fornyast, og at ein ikkje berre gjev dårleg samvit til dei som ikkje kjem. Vi kan heller ikkje oversjå det problemet at mange stader står møteveker i ein pressande kø som forsamlingsfolket opplever som vanskeleg når dei ønskjer ein meir samordna heilskap i forsamlingslivet. Vi har før nemnt at dei yrkesmessige og sosiale tilhøva for mange i dag er slik at dei har vanskar med å gå på «vanlege» møte kvar kveld. Dei kjem då inn i ein sirkel, der dei heller ikkje går, når dei kan. Dei greier ikkje å gå for å verta minna om at dei var ikkje i går kveld. Det er lokalt ein kan vurdera korleis ein kan få fornying. Her peiker vi på nokre moment til vurdering: Kan ein samla fleire møte og bibeltimar på ein kveld (gjerne med bordfellesskap imellom)? Kan ein samarbeida med fleire stader om ei møteveke? Til dømes har ein samling på mindre bedehus

tysdag–onsdag, så har ein doble timar frå torsdag på «sentralbedehuset». Vi oppmodar til samarbeid mellom lokale leiarar og forkynnaren om opplegg og innhald.

3.6 Aksjonsmøte

Evangeliske aksjonar har vore kjennemerke for bedehusfolket. Det har også vore ei av dei møteformene som ein har samarbeidd om i eit område – til dømes eit sokn eller prestegjeld. Vi har god røynsle med at Gud brukar slike aksjonar til vekking og fornying. Difor bed vi om at Gud stadig må gje oss nye forkynnar–gåver med vekkingstonen som når folk i dag. DVI ønskjer å styrka dette arbeidet framover. Møteverksemd kombinert med nærradio bruk ser vi for oss som ein god kombinasjon til å nå nye menneske. DVI vil gjerne utvikla vidare kompetanse slik at vi har ein god ressurs til bruk av nærradio i møteaksjonar med meir. Vi trur også at det er nødvendig å leggja meir ressursar inn i både førebuinga, gjennomføringa og ikkje minst etterarbeidet av slike lengre aksjonar. Her må dei lokale leiarane ta hovudansvaret!

3.7 Diakonalt arbeid

Diakonien har også følgd indremisjonen frå starten. Vitjing av sjuke og gamle har gjennom historia vore den vanlegaste diakonale kanalen for det lokale indremisjonsfolk. I vår tid har omsorg for vanskelegstilte – til dømes vanskelegstilte gravide og personar i ulike livskriser kome i tillegg. Vi må med smerte erkjenna at vi har vanskeleg for å inkludera godt nok menneske med «belasta fortid» i forsamlingane og dei nære fellesskapa våre. Det er viktig at lokale leiarar og ei kvar forsamling arbeider med dette og har ein tydeleg diakonal profil. Diakoni er omsorg for menneske i Jesu namn. Det er å møta menneske med respekt og omsorg i deira konkrete situasjon. Denne omsorga har eigenverdi, og samtidig veit vi at kristen omsorg er ein truverdig følgjesvein for det kristne vitnemålet. Gjennom regelmessig forkynning og rettleiing må forsamlinga verta minna om sitt diakonale omsorgsansvar og si omsorgshaldning. Samtidig må kvart styre drøfta kva konkrete diakonale tiltak som er nødvendige og mogelege hos seg. Åndelege leiarar må også oppmuntra medkristne til å bruka dei diakonale nådegåvene som Herren utrustar forsamlinga med. Vi nemner også her «bønn for sjuke». DVI har utarbeidd ei rettleiing. Denne kan ein få frå krinskontora eller forbundskontoret.

Tre hjelpestørsmål – 3

- * *Korleis styrkja forsamlingsfellesskapet, når og kor ofte er det naturleg å ha «hovudsamling» i dykkar bedehus?*
- * *Korleis kan bønne- og vitnemøta verta fornya hos dykk?*
- * *Korleis kan dykkar forsamling få betra den utådretta profilen for evangelisering og diakoni?*

4. Nådemidla i bedehuset

4.1 Eit klart læregrunnlag

DVI har formulert ein klar læreprofil gjennom sine Lover og heftet «Syn og retningslinjer for Det Vestlandske Indremisjonsforbund». Eit samla Forbund stod bak vedtaket som Forbundsstyret og Rådsmøtet gjorde samrøystes i 1953. Eit samlande uttrykk for denne lærermessige basis og profil trur vi vert best dekka med å seia at DVI har ein lågkyrkjeleg evangelisk luthersk vekkingsteologisk profil knytt til lekfolket i bedehuset. Dette er vår identitet. Årsmøtet i DVI 1996 gav uttrykk for at ein ønskte «ei tydelegare markering av DVI sin evangelisk-lutherske ståstad...» Det er vektlegging av Forbundet sin vekkingsteologiske læreprofil med basis i bibel og evangelisk luthersk vedkjenning som er det beste svaret på den utfordringa. Kva meiner vi så med dette? La oss då for ordens skuld understreka at «luthersk vedkjenning» er dei vedkjenningsskriftene som Den norske kyrkja har. Det er dei tre oldkyrkjelege vedkjenningsskriftene (Dei apostoliske, nikenske og athanasianske truvedkjenningane) og dei to lutherske vedkjenningsskriftene (Luthers vesle katekisme og Den augsburgske truvedkjenninga, ofte kalla Augustana og forkorta CA).

Indremisjonen sin evangelisk lutherske vekkingsteologiske profil vedkjem sjølvsgaht heilskapen i vår lærermessige ståstad og sjølvforståing. Men følgjande er viktige moment for å gjera klart kva vi tenkjer på. Levande kristendom dreier seg om personleg tru og ein ny fødsel. Difor er kallet å forkynna til omvending og forlating for syndene. Det er skilnad mellom religiøsitet og menneske som er fødde på ny av Gud. Vekkingsteologien legg

vekt på at ikkje berre dåpen, men også Ordet og forkynninga er «atterfødingsmiddel».

Slik kan ein seia at den lærermessige profilen går mellom «universalisme» og «sakramentalisme». Universalismen meiner at alle menneske vert frelseste. Dei vil ikkje vita av Guds vrede og dom. Omvending og personleg trusliv vert gjerne framandord for desse. Gud aksepterer deg slik du er, er parolen. Slik teologi er langt frå Guds ord. Joh 1,12–13; Joh 3,1–36. Sakramentalismen legg vekta på at det er sakamenta som er det objektive Kristus–møtet, medan dei ser omvendinga som subjektiv viljesak. Forkynninga vert redusert til intellektuell orientering som i beste fall syner til sakamenta. Presten kan tala vakkert om Jesus på talarstolen, men det er ved nattverdbordet du møter Han. Men kor langt er ikkje slik lære frå reformatoren Martin Luther som sa: «Når Kristus vert forkynt, kjem Han.» I følge sakramentalismen er etterfødinga utelukkande knytt til dåpen. Ein lærer ikkje etterføding ved Ordet når den døypte og fråfalne vender om.

Sjølv om universalismen og sakramentalismen er retningar som står langt frå kvarandre, fungerer dei lett saman i det vi kunne kalla «universalistisk sakramentalisme». Er du døypt, er alt i orden. Oppgåva vert å få døypte til å «fungera» uavhengig av om dei lever med Gud i tru. Evangelisk luthersk vekkingsteologi er ein profilert motpol mot slik teologi. Vårt kall er å kalla menneske til omvending og nytt liv. Døypte menneske som ikkje lever med Jesus, er døde i åndeleg forstand. Dei må verta fødde på ny ved evangelieordet for å få del i det nye livet att. 1 Pet, 1,23; Jak 1,18.

I det følgjande vert vår lærermessige profil enno meir klargjort.

4.2 Det store nådemiddelet

DVI sitt motto lyder: «Med Guds ord til folket.» Med det profilerer indremisjonsfolket eit viktig luthersk poeng: Forkynninga av Guds ord er det aller viktigaste i den kristne kyrkja. Ordet er «det store nådemiddelet» som formidlar Kristus til menneskehjarto, og Ordets nådemiddel er det som set sakamenta i det rette lys og gjev dei si virkekraft.

Vi vil oppmuntra lokale åndelege leiarskapar til å leggja stort alvor ned i spørsmål som har å gjera med forkynninga i bedehuset. Vi formanar alle til å leggja vinn på å elska fram ei allsidig og sunn forkynning av heile Guds råd til åndeleg vekst for gudslivet. Apg 20,32. Meir enn nokon gong er det viktig at bibeltru undervisning og opplæring får god plass i bedehuset. God kontakt

og samvirke mellom forsamlinga, leiarane og forkynnarane er viktig for å nå slik målsetjing.

Ordet skal forkynnast som lov og evangelium slik at samvitet vert møtt av Ordets pil og menneske vert sett fri i Jesus Kristus. Mennesket må koma til erkjenning av sin trelbundne vilje og at ein av naturen er «vreidens barn» (Ef 2,3). Det må gjevast evangeliet for å få del i det nye livet. Det bibelske menneskesynet – fortapt og død i si synd, Guds frelse gjeve gjennom evangeliet – er poeng som låg til grunn når Luther formulerte vedkjenninga i forklaringa til den tredje artikkelen: «Eg trur at eg ikkje av eige vit eller eiga kraft kan tru på Jesus Kristus, min Herre, eller koma til han. Men Den Heilage Ande har kalla meg med evangeliet.» Ikkje eg, men evangeliet gjev meg sann kristen tru og sant åndeleg liv.

Vår vekkingsteologiske profil kjem klart til utrykk gjennom forkynninga til vekking og omvending. Luk 24,47. Vårt døypte og fråfalne folk må ropast frå døden til livet. Denne vekkingstonen er det alltid bruk for. Rom 10,14–17. Vekkingsprofilen høyrer også heime i vårt barne- og ungdomsarbeid og er legitim del av forkynninga til den truande forsamlinga. Barn og unge skal hjelpast på ein god og omsorgsfull måte til personleg medvite gudsliv. Vekkingstonen i den truande forsamlinga hjelper oss til å leva i fornying og i lyset med våre liv. Synd og nåde er ikkje berre tiltaleord til ufrelste, men det er nærgåande ord til dei som lever i sin nådestand med Jesus. 1 Joh 1,7–10.

Samtidig er det klar profil i vekkingslivet i bedehuset at den daglege fornyinga som Guds folk normalt lever i, ikkje er dagleg omvending i den forstand at ein dagleg «hoppar» inn og ut av nådestanden. Vekkingstonen kallar også dei truande til dagleg fornying «på nådens grunn» både for å vara dei som levande kristne, og verna dei mot «frafallets mulighet».

4.3 Nådebordet

Nattverden er viktig mat for Guds folk. Dette nådebordet – Jesu lekam og blod – har Han gjeve sitt folk til regelmessig bruk – «Så ofte som». 1 Kor 11,25–26.

Indremisjonsfolket går normalt til nattverd i kyrkja og til det frie nattverdbordet. Både stader er det det same nattverdbordet – dersom ein byggjer på den same bibelske læra. Våre fedre var mellom dei som kjempa fram den frie nattverden i Noreg. Nattverden høyrer til Guds folks regelmessige reisekost. Difor såg fedrane våre det så viktig å få nattverden inn i det heilage samfunnet.

Vi vil oppmuntra bedehusforsamlingar til å ta i bruk fri nattverd. Etter så lang historie som dette har hatt, burde det ikkje vera mykje strid om dette i dag. Reint praktisk har DVI laga eit forslag til opplegg for fri nattverd. Dette kan ein få frå forbundskontoret eller krinskontoret. Fri nattverd kan ein praktisera uavhengig av lokale kyrklege tilhøve. Men der ein innfører det som ny ordning, er det positivt om ein tek seg tid til å orientera om det i lokalsamfunnet og gjerne direkte til lokalkyrkja. Det er ikkje tale om å drøfta om ein skal starta med fri nattverd, men gje sakleg orientering at ein startar.

4.4 Dåpslæra

I den seinare tid har det vore mest fokus på spørsmål knytt til dåpen – både dåpen sitt innhald (dåpssynet) og dåpspraksis (bør vi få meir heimedåp eller også bedehusdåp?). Vi vil her gje ei kortfatta rettleiing om desse spørsmåla.

DVI sitt dåpssyn er forma ut frå vårt læregrunnlag i bibel og vedkjenning, og slik det er profilert gjennom den pontopidanske utforminga i «Syn og retningsliner». Slik kan vi seia at DVI har «eit evangelisk luthersk vekkingsteologisk dåpssyn».

Det tyder at dåpen (med evangelieordet og teiknet (vatnet)) er eit sakrament slik katekisma uttrykkjer det: «Dåpen verkar forlating for syndene, frelser frå døden og djevelen, gjev æveleg sæle til alle som trur. Det er Guds ord og lovnad.»

Vi tek konsekvensen av dette dåpssynet gjennom barnedåpen, og vårt barne- og ungdomsarbeid for å hjelpe dei døypte borna til å verta verande i livssamfunnet med Jesus. Dåpen er Guds gjerning. Det grunnleggjande momentet bak denne læra er at det falne mennesket må gjevast Jesu forsoning ved evangeliet. Sjå forklaringa til den tredje artikkelen i Luthers vesle katekisme. «Eg trur at eg ikkje av eige vit eller eiga kraft kan tru på Jesus Kristus, min Herre, eller koma til han. Men Den Heilage Ande har kalla meg med evangeliet...»

Vi tek vidare konsekvensen av dette dåpssynet når vi også knyter etterfødinga til den døypte og fråfalne si omvending. Det er ikkje i pakt med luthersk vekkingsteologi å forstå etterfødinga utelukkande knytt til dåpen. Den fråfalne er død i åndeleg forstand. Døde menneske kan ikkje opplysast eller formanaast til livet. Dei må kort og godt gjevast livet tilbake. Det er dette som skjer gjennom fulltonande bibeltru forkynning av lov og evangelium. Ved om-vendinga vert den døypte og fråfalne – den åndeleg døde – fødd på ny med evangelieordet. Det er ikkje trong for ny dåp. Ef 1,13; 1 Pet 1,23; Jak 1,18.

Vi skal ikkje nekta at det i bedehussamanhengen kan vera eit visst press mot luthersk sakramentslære. Men vi har tillit til og forventar at dei som i indremisjonen sine forsamlingar har personlege vanskar på dette feltet, respekterer vårt læregrunnlag og lever i pakt med den lojalitet som «Syn og retningslinjer» har staka ut med at ein korkje privat eller offentleg medvite motarbeider vår lutherske lære.

Men det som skaper mest problem og forvirring er den anti-vekkingsteologiske profilen som dåpslæra har i mange kyrkjelege samanhengar. Dåpen vert forstått som einaste etterfödingsmiddel, og etter dåpen er alt i orden. Personleg gudsliv og fokus på omvending og nytt liv høyrer ein lite om. Når slikt vert presentert som den lutherske dåpslæra, er det ikkje underleg at mange kan verta forvirra om kva som er luthersk!

4.5 Dåp i heim eller bedehus?

Vi veit at spørsmålet om dåpsprakisen ei tid har vore framme i samtalen både internt og i media. Vi kan slå fast at det her er tale om ordningsmessige spørsmål. DVI sin læreprofil ligg fast slik vi ovafor har gjort greie for. Det er difor heilt uaktuelt å tilrå til dømes dåp i bedehussamanheng for å gje rom for ikkje-luthersk dåpslæra. Dåpslæra må leggja fast enten dåpen skjer i kyrkja, heime eller i bedehuset.

Når somme i dag stiller spørsmål om dåpen bør kunna knytast til bedehuset, har det fleire grunnar som dels har å gjera med tilhøva i kyrkja, og dels har det å gjera med ønske for forsamlingslivet. Når det gjeld tilhøva i kyrkja, kjänner mange på anfekting med å søkja til gudsteneste der ein veit at presten lærer eller lever i strid med Guds ord. Det er ikkje dåpssakramentet «sin gyldighet» ein trekkjer i tvil, men ein finn det unaturleg å gå til slike gudstenester i det heile. Den læremessige profilen som biskopane har markert i fleire spørsmål den siste tida, har også anfelta mange bibeltrue mellom bedehusfolket. For somme har det fått konsekvens for det formelle kyrkjemedlemskapet, for andre har det gjort dei meir praktisk framande overfor kyrkja.

Særleg mellom unge og yngre familiar møter vi eit aukande ønske om å få «alt» i forsamlinga. Dåpsønsket vert då ein konsekvens av dette. Dette er ein trend som vi ser over heile landet og også internasjonalt. Vi veit at dei same spørsmåla vert drøfta i fleire land, og indremisjonsrørlene der. Det er både sosiale og kyrkjelege grunnar for dette. Mange unge opplever det praktisk vanskeleg å dela seg mellom bedehusengasjementet og deltaking i kyrkje- og gudstenesteliv. Fleire yngre synest også det er unaturleg å døypa borna sine i

kyrkja borte frå det åndelege samfunnet dei elles lever i. Eit argument for dåp i bedehusforsamlinga er også at når ein knyter dåpen så nær til forsamlinga sitt liv, kan det styrkja samanhengen mellom dåpen og truslivet, nød for dåpsopplæring og forbønnsomsorg for dåpsborna. Slik kan altså bedehusdåp styrkja den lutherske dåpslæra i vekkingsfolket. Eit siste moment er også hjelp til dåpsforeldre som av personlege samvitsvanskar har meldt seg ut or kyrkja, men vil leva i bedehusforsamlinga som lutherske kristne.

4.6 Argument mot bedehusdåp

Argumenta mot bedehusdåp mellom bedehusfolket er både av prinsipielle og misjonsstrategiske grunnar. Dåpen høyrer på grunnleggjande måte med til konstitueringa av kristenstanden. Dersom ein praktiserer dåpen i bedehusforsamlinga, vil det lett oppfattast som eit signal om at bedehuset og indremisjonen går i frikyrkjeleg lei. Det vil også lett føra med seg problem av kyrkjerettsleg karakter som ein i dag ikkje har oversikt over. Dersom ein skal praktisera fri dåp i ei viss utstrekning, må ein få ei lovgjeving for dette som klargjer slike spørsmål i Den norske kyrkja. (Når dette spørsmålet var framme tidlegare i dette århundret, vart det også laga forslag til slik lovgjeving). I argumentasjonen mot bedehusdåp vert det også gjerne peikt på at det vil krevja ei grundig gjennomtenkjing av systematisk opplæring og ny konfirmasjonsordning, før ein tek til med ny dåpspraksis. Det vert også understreka at i bedehuset lever indremisjonsfolket normalt saman med misjonsvenner som er knytte til andre misjonsorganisasjonar. Dersom vi skulle skilja lag i dåpsspørsmålet, kan det føra med seg strid og store vanskar i tillegg til den usemja det er om spørsmålet innan indremisjonsfolket. Det er også dei som ikkje ønskjer dåpen inn i bedehuset, fordi det kan føra usemje om dåpslæra altfor nær innpå livet. Sjølv om desse ikkje har prinsipielle motforestillingar mot bedehusdåp, ser dei det altså best å halda dåpen borte frå forsamlinga.

4.7 Råd om dåpspraksis

Når vi skal gje råd om dåpspraksis, vil vi gjera det med det alvor og den innleving som saka fortener. Prinsipielt understrekar vi at dåpen er «fri», som Ordet og nattverden er frie. Dåpen er ikkje gyldig berre om han vert utført av ordinerte prestar og direkte knytt til den offisielle kyrkja. Vi må også hugsa på at i bibelsk forstand vert menneske døypte inn i Jesu Kristi kyrkje (Hans lekam på jord), og ikkje inn i eit kyrkjessamfunn. Her må vi skilja klart mellom lære og kyrkjerett! Difor er det for oss ikkje prinsipielle læremessige hindringar for bedehusdåp. I samsvar med luthersk kyrkjesyn vert det

spørsmål om klok strategi og ordningsspørsmål. Dersom vi følgjer dette lutherske synet at ordningsspørsmål ikkje skal oppfattast kyrkjesplittande, treng vi ikkje oppleva eventuell dåp utanom prest og kyrkje som splittande. For å vera tydelege: Vi tilrar ikkje ei radikal ny dåpslinje i indremisjonen. I overskuelig framtid reknar vi med at dei fleste indremisjonsvenner døyper borna sine i den lokale kyrkja, eller søker til ei anna kyrkje som dei finn naturleg å døypa borna i. Nokre vil døypa borna heime. Men kva med dei som ønsker å døypa barnet sitt i bedehusforsamlinga? I tråd med vår prinsipielle «forbundslinje» trur vi at den endelege avgjerd om det spørsmålet må liggja i lokalforsamlinga. Vi tillet oss å føya til at samtidig som vi vil forsvara retten til slik dåp (jfr. det vi tidlegare har sagt om at nădemidlane er frie), vil vi be om at ein vurderer det på ein sindig og inkluderande måte. Omkostningane med eventuell splitting i bedehusforsamlinga må høyra med i vurderingane. Det er klokt å syna stor varsemd. Vi finn det rett at lokale leiarar drøftar spørsmålet med leiinga i krinsen. Forbundet vil også vera til disposisjon for å gje råd. Dersom ein døyper i bedehusforsamlinga, er det naturleg at dåpen vert utført av ein av dei som er peika ut til den åndelege leiarskapen (som også bør leia nattverdsamlingane).

4.8 Eit viktig etterord

Når det gjeld dåpspraksisen, tillet vi oss å koma med eit lite etterord. Uavhengig av eige syn, kan mange synast at vi vel ein forsiktig veg i spørsmålet om dåpspraksisen. Men vi vonar at alle forstår og respekterer at vi rettleiar slik vi gjer. Samtidig som vi prinsipielt forsvarer fri dåp, åtvarar vi mot å praktisera dette på ein måte som fører med seg opprivande strid og splittar vekkingsfolket i bedehusforsamlingane våre. Vi respekterer at nokon av samvitsgrunnar ikkje vil døypa i kyrkja, og understrekar at slike må få hjelp. Men det tyder ikkje at nokon har samvitskrav på å døypa i forsamlinga i bedehuset. Vi bed også om at dei som argumenterer mot bedehusdåp, vurderer nøyne korleis ein uttrykkjer seg. Det er ikkje samlande om ein argumenterer mot bedehusdåp på ein måte som ein tidlegare i århundret argumenterte mot fri nattverd. La oss alle hjelpe kvarandre med å gå framover på ein klok måte i respekt for at vi alle vil indremisjonen og folket vårt det beste. Med det omfanget som spørsmålet om fri dåp i dag har i bedehuset, ser vi ikkje at det skulle føra til dei store konsekvensane som somme har nemnt. Nemleg at indremisjonen då går i meir frikyrkjeleg lei eller lagar kyrkjerettslege problem. Dersom dåpspraksisen skulle verta ei «stor» sak i bedehuset, vil organisasjonen verta nøydd til å ta saka opp til breiare drøfting. Slik vi kjener landskapet i dag, og med dei signal vi har frå krinsane, ser vi

ikkje at det er nødvendig ne. Men samtidig som vi uttrykkjer denne varsemda om dåpspraksisen, vil vi tilskunda til større medvit i spørsmålet om ikkje å søkja gudstenester med uklar teologi både når det gjeld dåp, forkynning og anna.

Korkje diskusjonen om dåpspraksisen eller andre ordningsspørsmål må få stela merksemda frå fokus på åndeleg fornying, vekking og sant liv. Vi må be om visdom frå Gud og åndeleg mynde til å halda fram som ei sann og sunn vekkingsrørsle i kyrkja og folket vårt.

Tre hjelpestørsmål – 4

- * *Kva vert meint i dette rettleiingsheftet med uttrykket «Evangelisk luthersk vekkingsteologisk profil»?*
- * *Kva vert gjort i dykkar forsamling for å skapa forventning til forkynninga?*
- * *Er det naturleg med fri nattverd i dykkar forsamling?*

5. Kyrkjesynt

5.1 I kyrkja, men ikkje under kyrkja

I pakt med ideala til lekmannsrørsla i bedehuset har DVI gjennom historia gjerne uttrykt seg som ein misjonsorganisasjon som er «i kyrkja, men ikkje under kyrkja». Den modellen som Den norske kyrkja har hatt etter framveksten av dei frie organisasjonane, har gjerne vore kalla ein ellipse (med dei to brennpunkta). Dette har for dei fleste kome til uttrykk gjennom samling om den offisielle kyrkja med gudsteneste og kyrkjelege handlingar, medan ein hadde sin «arbeidsheim» i bedehuset og misjonsarbeidet der.

5.2 To syn på ellipsen

Ser ein nærmare på denne ellipsemodellen har ein nok forstått han prinsipielt ulikt. Den meir «kyrkjelege» forståinga har gjerne gått ut på at kyrkja og presten har det «embete» som ein meiner vedkjjenninga talar om (CA 5), medan bedehuset har andre tenester i kraft av det allmenne prestedømet. (Emissären er evangelisten). Konsekvensen av dette prinsipielle synet er

gjerne at ein ser presten som sakramentforvaltaren og den eigentlege hyrden i bygda eller området. DVI har ikkje hatt slik ellipseforståing. Samtidig som ein praktisk har levd i ellipsen sine to brennpunkt, har ein markert ein sjølvstendig basis for sitt liv og arbeid i den truande forsamlinga i bedehuset. Denne forsamlinga har kallsretten og sender ut sine tenarar med «fulle rettar» til å bruka nådemidla i kraft av det allmenne prestedømet, nådegåver og konkrete kallsoppdrag. Dette vert tydeleg understreka i «Syn og retningslinjer» der ein poengterer at DVI ikkje føreheld seg til embetet, men til innehavaren av embetet. Det vert her understreka at det beste er om ein kan ha eit godt og positivt samfunn og samarbeid. Ein ønskjer kyrkja det aller beste i bønn og omsorg. Ein meiner faktisk at sjølvstendelinja også er det beste ein kan gje til kyrkja.

5.3 Kyrkja er Guds folk samla om ord og sakrament

DVI si kyrkjeforståing er meir utførleg omtala i heftet Bedehuset- heim og misjonsstasjon. Her er det synt korleis ein kjänner stor ro i den lutherske vedkjenninga for sitt kyrkjesyn. Vedkjenningsskriftene (CA 7 og 8) legg stor vekt på at kyrkja er «Forsamlinga av dei heilage, der evangeliet vert lært reint og sakramenta forvalta rett». Kyrkja er altså kristne menneske. Kyrkja er ikkje eit eller fleire kyrkjesamfunn eller organisasjonar. Alt slikt kallar vedkjenningsskriftene «menneskelege ordningar». Ordningane treng ikkje vera like, seier den same vedkjenninga. Kyrkjeleg einskap byggjer ikkje etter vedkjenningsskriftene på ein organisert einskap, men at ein er samd om «evangelielæra og forvaltinga av sakramenta». Rett forvalting av sakramenta er ikkje at ein har ei ordning og til dømes berre sakramentbruk av presten i kyrkja, men poenget er sams læreforståing for sakramenta. Vedkjenninga understrekar at kyrkjeordninga skal tena evangeliet sitt frie løp. Det fins ikkje ei bestemt guddommeleg organisasjonform.

Kvart kyrkjesamfunn må sjølvsagt ha ordningar og organisera sitt liv og virke. Som indremisjonsfolk og medlemmer i Den norske kyrkja vil vi ikkje tala ille om ordningar. Men vi legg også vinn på at ordningane ikkje må brukast mot livet, og ikkje hindra Guds folk i lekmannsrørsla i bedehuset til å nytta dei rettar vi har etter Guds ord – fri forsamlingsrett og fridom til å kalla tenarar etter nådegåveutrustning i kraft av det allmenne prestedømmet.
(Konventikkelplakaten var i si tid ei slik ordning som var i strid med bibelsk lære og liv.)

Det at den sanne kyrkja er Guds folk, og at ein har bibelsk rett til å organisera kristenlivet og misjonsarbeidet etter kva ein meiner er tenleg for

evangeliet sitt frie løp i folket, er vesentleg for DVI sin lågkyrkjelege lekmannsprofil. Slik har indremisjonsfolket funne sin åndelege heim i vennesamfunnet i bedehuset. Men det tyder ikkje at ikkje indremisjonsvenner kjenner seg «heime» i kyrkja og gudstenesta. For det meste går indremisjonsfolket til gudsteneste, og dei aller fleste nytta kyrkja til kyrkjelege handlingar. Ein har ønske om at Den norske kyrkja og alle hennar tenrar skal leva og læra i samsvar med Guds ord (det same gjeld sjølvsagt også for indremisjonen og bedehuset), slik at ein kan ha godt samfunn og praktisk samarbeid med dei. Det er mange døme frå forbundsdistriktet på at ein har eit godt og nært tilhøve mellom kyrkja og bedehuset/indremisjonen. Det er også hovudregelen over størstedelen av forbundsfeltet. Det gler indremisjonsfolket at bibeltru vekkingstone kan lyda i kyrkja og frå hennar tenrar! – Når indremisjonsfolk og leiarar i DVI kan tala skarpt mot tenrar i kyrkja og deira avvik frå Guds ord, er det nettopp av omsorg for å kalla til truskap mot kyrkja sitt læregrunnslag i Bibelen og vedkjenningsa.

Denne frie «lekmannslinja» har hjelpt mange indremisjonsvenner til å verta ståande i Den norske kyrkja. Sjølv om kyrkjemedlemskapen er anfelta og særleg vondt i tider der leiarar i kyrkja – prestar og biskopar eller rådsleiarar – lærer i strid med Guds ord, har denne sjølvstendige plassen i forsamlinga i bedehuset, hjelpt mange til å verta verande i samanhengen. Når vi ønskjer å vera tydelege i vår lereprofiling samtidig som vi er luthersk «romslege» i ordningsspørsmål, trur vi det framleis har slik samlande effekt. I ei tid med så sterkt lærermangfald i kyrkja, er ei ansvarleg og sjølvstendig lekmannsrørsle noko av den beste hjelpa vi kan gje kyrkja.

5.4 Fleire grunnar for kyrkjemedlemskap

Det kan ikkje nektast at nokre har hatt så store samvitsvanskar med å stå i Den norske kyrkja, at dei har meldt seg ut. Som indremisjon må vi respektera slike samvitsval. Dei som slik vil stå vidare i indremisjonen og vedkjenna seg vårt læregrunnslag, må vi syna positiv omsorg for. Det kan også inkludera at dei får hjelp til at borna vert døypte (heime eller i bedehuset). Reint faktisk er det mange grunnar for å ha ein kyrkjemedlemskap, og ikkje berre forsamlingsmedlemskap i indremisjonen. Slik medlemskapen i Den norske kyrkja fungerer, er det mange både sosiale og folkelege sider knytt til det, i tillegg til dei reint kristne sidene. Når indremisjonsfolket i det store og heile har vorte stående i kyrkja, har det nok si årsak i at ein har vurdert dei folkepedagogiske sidene som større pluss enn dei minus ein også ser. Men det heng også saman med at ein tonar ned den åndelege sida ved kyrkjemedlemskapen.

5.5 Ei «folkeordning»

Ei stats- og folkekyrkje er sjølvsagt på mange måtar ein underleg ting. Men vi skal hugsa på røtene i historia, og sjå realistisk på alternative løysingar som er tenlege på lengre sikt. Den norske kyrkja har ikkje vorte til gjennom vedtak i truande forsamlingar, men vakse fram i folket vårt gjennom tusen år. Vi kan i ein viss forstand tala om ei «folkeordning» både i Noreg og i andre skandinaviske land. Vi skal også hugsa at det er mange døme på at frie kyrkjer, som starta på klar bibelsk grunn, etter nokre få generasjonar, er meir liberale enn sjølv Den norske kyrkja. Slik vi ser det, trur vi ikkje at vi hjelper så mykje på utviklinga om enkeltmedlemmer går ut. Vi trur den beste vegen å gå i dagens situasjon er at vi har åndeleg klarsyn og sjølvforståing for den truande forsamlinga i bedehuset. Vi ønskjer å halda oppe i kyrkja klar forplikting på vårt læregrunnlag, og kjempa for organisasjons- og forsamlingsfridom for Guds folk ut frå den retten det allmenne prestedømet har etter Guds ord. Vi trur det er den beste vegen for ein sterk og slagkraftig indremisjon som ikkje armar seg ut på indre strid i spørsmål om kyrkjemedlemskap. Etter vårt lågkyrkjelege kyrkjesynt meiner vi at vår medlemskap ikkje tyder åndeleg samfunn med liberal teologi eller godkjenning av slik teologi i kyrkja. Vår kurs vil framleis vera i kyrkja, men ikkje under kyrkja.

5.6 Prioriter bedehuset!

Vi må respektera at indremisjonsfolk vel noko ulik praksis i høve til kyrkja. Medan somme prioriterer indremisjonen og bedehuset, vel andre å dela kreftene på kyrkja og bedehuset. Vi finn mange døme på at indremisjonsfolk er dei flittigaste i gudstenestefellesskapet og tek ansvar i kyrkjelege råd og utval. Slikt har vore til rik signing for bygd og by. Det er klart at skal vi få positiv læreutvikling i kyrkja, må folk som har åndeleg forankring i Guds ord og positive bibelske ideal, ta ansvar der. Men vi vil likevel leggja til som hovudsynspunkt at bedehuset og indremisjonsarbeidet er fullgodt «kyrkjeleg arbeid». Det er dette arbeidet vi har hovudansvaret for, og difor har vi ikkje vanskar med å oppmuntra folk til å prioritera si arbeidskraft i bedehuset og misjonsarbeidet der.

Tre hjelpestørsmål – 5

- * Kva ligg i uttrykket at etter luthersk kyrkjelære ligg vekta på einskap i læra, men det er ikkje nødvendigvis ei bestemt organisasjonsform?
- * Kva ligg i uttrykket «I kyrkja, men ikkje under kyrkja»?
- * Kvifor bør vi prioritera bedehusarbeidet?

6. Indremisjonen i lokalsamfunnet

Under denne overskrifta vel vi å ta med indremisjonen sitt tilhøve både til andre organisasjonar i det same bedehuset, og tilhøvet til nokre sentrale institusjonar i lokalsamfunnet.

6.1 Dei andre misjonsorganisasjonane

Indremisjonen har i sitt grunnsyn eit positivt tilhøve til dei andre misjonsorganisasjonane. Det kjem tydeleg fram slik indremisjonen understrekar forsamlingsstanken i si forståing av vennesamfunnet – samling av truande i ulik alder og tilknyting til ulike indremisjons- og ytremisjonsorganisasjonar. Indremisjonen ønskjer å stimulera til eit rikt misjonsliv i bedehuset. Derifrå har vi også slagordet «Reis vennesamfunnet og fullfør verdsmisjonen». Indremisjonen er ein fullgod misjonsorganisasjon. Men vi ønskjer å stimulera til at misjonsfolket har verdsmisjonen i sitt misjonskall (jøde- og/eller heidningsemisjon). Men når adressa er dei andre misjonsorganisasjonane, må vi også nemna at det er viktig å drøfta korleis vi saman kan halda oppe den bibeltru vekkingsteologiske profilen i misjonsarbeidet og i bedehuset i det heile. Den situasjonen fleire av misjonsorganisasjonane har lagt til rette for gjennom sitt engasjement i organisert samarbeid med den offisielle kyrkja om misjon, har i seg ein kime til å endra misjonsfolket sitt syn. Bedehusideala kan tapa terrenget. Vi veit at tilhøva til dei ulike misjonsorganisasjonane er ulike frå område til område. Vi ønskjer ikkje å uniformera indremisjonsfolket i deira val av ytremisjon. Generelt trur vi det er ein rikdom både for ytre og indre misjon at indremisjonsfolket er misjonsvenner i ulike ytremisjonsorganisasjonar. I den åndelege leiarskapen som vi ønskjer å synleggjera meir i bedehusforsamlinga,

er det også ein rikdom om det omfattar truande med leiaransvar i ulike organisasjonar. Vi ser gjerne at lokale indremisjonsleiarar tek kontakt med leiarane i andre organisasjonar i bedehuset for å drøfta tiltak for å byggja forsamlinga, og slik på sikt styrkja grunnlaget for både indre og ytre misjon i pakt med dei ideala bedehuset har stått for i norsk kristenliv. Det er vår intensjon at indremisjonen skal vera ein samlande tenar i bedehuset og ingen herskar over andre sitt misjonskall.

6.2 Andre kyrkjjesamfunn

Ved sida av å førehalda seg til si eiga kyrkje, har bedehusfolket ulik røynsle med å førehalda seg lokalt til kyrkjelydar og forsamlingar med ikkje-luthersk lære. Det er vel liten tvil om at denne situasjonen med ulike kyrkjelydar og forsamlingar i lokalsamfunnet er meir vanleg i dag enn for år sidan. Tidlegare var det også oftast slik at ein hadde klare «grenser» mellom kvarandre og samarbeide gjennom fellesaksjonar og/eller avtala vennevítjingar. I dag er klimaet gjerne meir «uryddig», og ein del kristne høyrer mindre fast til ein stad, men går både hit og dit etter annonsering og opplevingar. Dette er ikkje minst tilfelle mellom dei unge.

Det er i utgangspunktet positivt at det er godt tilhøve mellom ulike kristne kyrkjelydar og forsamlingar. Det er også oftast lett å ha det slik når ein har respekt for kvarandre sin integritet og eigenart. Vi vil samtidig understreka at det er viktig å høyra til ein stad, søkja si åndelege næring her, og ta ansvar i denne samanhengen. Vi vil oppmuntra indremisjonsleiarane til ikkje minst å rettleia dei unge til å ha sin faste heim i bedehuset og ikkje vingla mellom ulike samanhengar. Det krev også at ein rettleier om lærespørsmål på ein fast og mjuk måte som kjem dei unge til hjelp.

6.3 Dei offentlege styremaktene

Tydelege indremisjonsleiarar bør også ha eit ope tilhøve til lokale offentlege styremakter. Slik kan ein både kjenna og påverka det samfunnet ein lever i. Dette er også ein del av den gamle haugianske arven. Forbønn og omsorg for samfunnsstyringa og samfunnstilhøva er ein naturleg del av indremisjonen si bønneteneste. Med tanke på indremisjonen si diakonale teneste, er kontakt med kommune, sosial- og helsevesen ein nyttig kontakt for å koma folket nær i deira trøng for hjelp og omsorg.

6.4 Skulesektoren

Tilhøvet til skulen er også eit viktig felt. Etter vårt kristne grunnsyn er skulen foreldra si hjelp i oppsedinga av borna. Vi veit at det er mange krefter som

vil påverka skulen i ulike retningar. Vi oppmuntrar kristne foreldre og indremisjonsfolk til konkret forbønn og engasjement i det lokale skulesamfunnet. Ikkje minst må kristne lærarar omsluttast med forbønn. Slik god kontakt vil også gjera det meir naturleg og lett for barne- og ungdomsleiarar til å koma inn i skulen, presentera lags- og leifarbeidet, og ta del i undervisninga. Nær kontakt, støtte og hjelp til skulen gjer det også lettare å nå fram med kritiske vurderingar når ein finn det nødvendig. I det nye utvida kristendomsfaget er det også lagt til rette for lokalt tilvalsstoff frå kristenlivet. Det er også ei utfordring til indremisjonen. Forbundet og krinsane vil hjelpe til med dette. På skulesektoren understrekar vi også friskuletanken. Retten til å danna frie skular er ein fundamental foreldrerett både ut frå demokratiske og religionsfridoms grunnar. Vi vil oppmuntra indremisjonsfolket til sindig å vurdera om og når oppstart av fri skule er aktuelt. Forbundet vil gje fagleg hjelp i slike situasjonar.

6.5 Media

Tilhøvet til media er også eit viktig punkt. Dei fleste lokalsamfunn har i dag lokale media som lokalavis og/eller nærradio. Vi oppmuntrar indremisjonsfolket til å engasjera seg gjennom media. Det kan gjerast ved å senda inn stoff og pleia kontakt med mediafolk. Det er ei viktig målsetjing at indremisjonen kan setja saker på medias dagsorden, og ikkje slå seg til ro med at media styrer dagsordenen. Ofte opplever vi då at mange media fokuserer negativt på indremisjonen og det vi står for. Det vil også vera positivt om lokale leiarar tek åndeleg rettleiing frå krins- og forbundsleiinga med til lokalpressa og slik får formidla indremisjonen sin profil til fleire enn dei som les våre misjonsblad.

Med den mediasituasjonen vi har og får enno meir i det norske samfunnet, trur vi det er rett å stimulera til å satsa på til dømes nærradiodrift. Gjennom Kristen riksradio vil ein ha god hjelp til å gje gode programtilbod i tillegg til dei lokale produksjonane. Vi oppmuntrar leiarane til å tilskunda kristenfolket til å lesa god kristen litteratur og halda misjonsblad og gjerne kristne dagsaviser.

Tre hjelpestørsmål – 6

- * Korleis kan indremisjonen og bedehuset verta meir «synleg» i lokal-samfunnet?
- * Korleis kan indremisjonen og bedehuset engasjera seg betre i skule-spørsmål?
- * Korleis kan indremisjonen bruka media på ein betre måte?

7. Åndelege ideal

7.1 Tre grunnsetningar

Desse er naturleg nok noko omtala i dei føregåande kapitla, og dei ligg til grunn for den aktualisering som vi har gjort på dei ulike felta både med omsyn til åndeleg leiarskap, syn og bruk av nådemidla og utmyntinga av kyrkjesynet. Når vi samlar nokre ord om sentrale ideal her, kan det tena det føremål å stimulera til eige lokalt engasjement. Korleis forstår vi ideala, og korleis kan vi praktisk aktualisera dei nettopp i vår lokale situasjon med dei ressursane vi har (eller rettare har frimot til å be oss ut frå Gud)?

Vekkingsrørsla i vårt land har særleg hatt tre grunnsetningar for arbeidet sitt:

- * *Guds ord skal forkynnast reint og klart til vekking og omvending.*
- * *Kvar truande skal i kraft av det allmenne prestedømet tena etter si nådegåve med kall til indre og ytre misjon.*
- * *Dei truande skal samlast i det heilage samfunnet, vennesamfunnet, som sin åndelege heim.*

Når vi talar om lekmannsrørsla sine ideal, er det nærmere utmynting av desse grunntankane det er tale om. Vi vil gjera dette kort i det følgjande.

7.2 Bibel- og vedkjennningstruskap

Historisk kan vi med rette hevda at det truande lekfolket har vore bibel- og vedkjennningstruskapen si sanne støtte i landet vårt. DVI vil gjerne vera eit frimodig talerøy for truskap mot Guds ord. Vi kjenner oss trygge for at

Bibelen er Guds inspirerte, profetiske og apostoliske openberringsord. Bibelen åleine er grunnlag for kristen lære og sant kristent liv. Den historisk kritiske misstrua til Guds ord som pregar mykje av teologiske utdanningsmiljø i dag, ønsker vi å reisa eit bolverk imot. Difor bør ingen gjevast tiltru til forkynnaroppdrag i bedehuset eller åndeleg leiarteneste, som ikkje positivt lærer og lever fullt på ein heil bibel.

DVI vil også vera eit sant talerøy for truskap mot våre evangelisk lutherske vedkjenningsskrifter. Vår forståing av vedkjenninga i lys av Ordet er uttrykt i vår lågkyrkjelege vekkingsteologiske profil. Vi vedkjenner oss ikkje alle former for haldningar til vedkjenningstruskap som vi kan høyra i vår tid. Stundom byter ein innhaldet i bibelske omgrep. Andre gonger er bibeltruskapen knytt til ortodoks høgkyrkjeleg embetsteologi og sakramentalisme. Difor har DVI gjennom samråystes rådmøte og forbundsstyre i 1953 formulert sentrale sider i vår vedkjenningssforståing. Vi trur dette er viktige ideal for indremisjonen framleis. Slik er vedkjenningsskriftene vår vedkjenning til Guds openberring i Bibelen. Kampen for sanninga i Ordet har alltid vore vedkjenningsskriftene sin fremste intensjon. I dagens mange åndelege vindar er ikkje vedkjenninga mindre viktig for at Guds folk kan halda ein fast og stø bibeltru kurs.

7.3 Vekking og misjon

Lekmannsrørsla i bedehuset er fødd i vekking, og vekkinga har vore kjenneteiknet til alle tider. «At dei må verta frelse» er lekmannsrørsla sitt program framfor alt anna. Difor høyrer vi stadig bønna og lengten frå bedehusfolket – «Herre, send vekking, begynn med meg.»

Herren sender vekking når og slik han vil. Tidlegare tider har opplevd store og rike vekkingstider der heile bygder vart sett i brann. Seinare år har vekkinga mest vore knytt til eit rikt barne- og ungdomsarbeid der mange har vorte både vara og vunne for Jesus. Men vekkingstida er sanneleg ikkje omme i «vanleg» forstand av ordet. Vi opplever vekkingstider også i dag. Vi oppmuntrar forsamlingar til å be om vekking, be om at Herren reiser opp nye vekkingsforkynnarar, og samtidig gler vi oss over dei Herren brukar i dag. I spørsmålet om vekking er det også spørsmålet om korleis vi legg til rette for at Gud får bruka vekkingsgåvene i møte med vår tid.

Vekking er spørsmål om teologi. Ei av vekkinga sine sterke motstandskrefter er den lære som reserverer seg for slike brytninger i forsamlinga at folket vert stilt på val, og det vert tale om personleg gudsliv. No som tidlegare er ein bestemt dåpsteologi vekkinga sin motstandar – etterfødinga skjer berre i dåpen, og seinare er det berre tale om å venda tilbake til dåpens nåde. Nært

knytt til vekkingsspørsmålet er vektlegginga av forkynninga til vekking og omvending, personleg gudsliv og med det vektlegginga på forkynninga sitt nådemiddel. Utan syn for forkynningas nådemiddel får ein heller ikkje syn for sann vekkingsforkynning. Men i spørsmålet om vekkingsteologi er det også viktig å få fram at bedehuset si vekkingsforkynning har vore medvitne om å vera sunn i høve til den lutherske lærearven. Det er slik vi forstår Guds ord. Vekkinga siktar gjennom forkynninga på samvitet, dømd i si syndeskuld, frigjort og løyst i Kristus. Vekkingsforkynninga er også forkynnungsprofil til fornying for Guds folk både frå åndeleg søvn og til å leva dagleg i lyset med livet sitt. Denne daglege fornyinga hører med til den nødvendige vekkingstonen i bedehuset.

Vekkingsprofilen er også nær knytt til ei sunn og allsidig læreforkynning. Bedehusfolket må få sunn åndeleg mat. Difor er bibellæraren og bibelkvinnene så viktige i forkynnarflokken. Bedehuset må gje slike gåver god plass til forkynning og undervisning. Forsamlinga må be om at Herren framleis reiser opp slike læregåver mellom oss.

Misjonskallet er ein integrert del av vekkingsprofilen i bedehuset. Lekmannsrørsla ser ikkje berre misjonen som eit generelt kall for alle truande, men siktar inn på at kvar enkelt kristen skal vera ein misjonsvenn. «Misjonsvennen» er eit kjennemerke i lekmannsrørsla. Misjonsvennen tek personleg medansvar for vitneteneste, sendeteneste, offer og forbønn for Guds rikes arbeid. Det store spørsmålet for bedehuset her er korleis denne vekkingsteologiske misjonsprofilen kan leva vidare og få næring i den truande forsamlinga framover.

7.4 Det heilage samfunnet

Samlinga av vakte og truande i forsamlinga i bedehuset har følgd norsk lekmannsrørsle frå Hans Nilsen Hauge med klare røter til pietismen. Denne vennesamfunnstanken har kome til synne på tre plan – der to eller tre Jesu venner møtest i hans namn, misjonsforeininga knytt til ein organisasjon, og «stor-forsamlinga» i bedehuset på tvers av alders- og organisasjonsgrenser. Vi har før i denne rettleiinga understreka at DVI har sett det som ei viktig tenaroppgåve å ta særleg vare på det siste. Men altså ikkje i motsetning til dei to første. Den store utfordringa for dette idealet framover vert desse to: Korleis leggja tilrette for at det heilage samfunnet og fellesskapet kan fungera i «alle tre rom», og korleis forsamlinga kan stiga fram etter dei bibelske ideala som har kjenneteikna vekkingsfolket i bedehuset? Det siste er ikkje sjølvsagt. Difor er det ei stor utfordring å samla folket i forsamlinga i

bedehuset. Men det er ikkje mindre utfordring å vera medvitne om at forsamlinga på ein positiv måte lever i dei åndelege idealane som har prega dette huset og dette folket gjennom tidene.

7.5 Heilagt liv og pietistisk livsstil

Livsprofilen hos bedehusfolket har vore prega av personleg gudsliv og ei varleg ferd for ikkje å skikka seg likt med denne verda. Det siste har nok ytra seg noko ulikt og variert til ulike tider. Stundom kan ein også ha kjensle av at det har vorte lagt for mykje vekt på ytre lik ferd, og slik gjeve inntrykk av noko lovisk og fariseisk oppførsel. Vi må alltid hugsa at kristne menneske er syndarar som har fått nåde, og som stadig får leva i «nådens og syndsforgjelsens rike». Samtidig skal vi ikkje gløyma at vektlegging på det personlege livet, har vore eit ideal for bedehusfolket som vi i dag treng spørja oss om korleis vi kan føra vidare. Det har å gjera med vår eiga helging, og samsvar mellom liv og læra i møte med andre menneske. Eit område som var sterkare før, var den klare avvisinga av rusmidlar mellom truande. Med dei øydeleggjande skadeverknadene som rusmidla har i familiar, på personar og i samfunnet, bør vi som indremisjonsfolk syna nestekjærleik, solidaritet og føra vidare eit klart nei til bruk av rusmiddel.

Heilagt liv og pietistisk livsstil har også å gjera med korleis vi i offer og liv kan halda oppe misjonsarven på ein forpliktande måte. Det er også ein sentral del av både misjonen, det heilage livet og den pietistiske livsstilen å syta for gjevartenesta til misjonen heime og ute. Regelmessig gjevartenesta der Guds rike får sin del av dei midlane Gud har gjeve oss, må prega kvar truande.

7.6 Bønn

Det er dette idealet som har gjeve forsamlingshuset vårt sitt gamle namn, bedehus. Det personlege bønnelivet kombinert med forsamlinga sitt bønnefellesskap har kjenneteikna vekkingsfolket i bedehuset. Heller ikkje denne arven flyt vidare av seg sjølv. Nye generasjonar må læra å be, og få hjelp til å praktisera eit rikt bønnefellesskap. Dette må fram i forkynninga, og få konkrete utslag i kristenlivet og forsamlingslivet. Alle åndelege leiarskapar har ansvar for å hjelpe forsamlinga og dei truande til eit allsidig bønneliv. Det kan vera regelmessige bønnemøte i bedehuset, bønna sin plass i forsamlingsmøta med forbønn, takkebønn og lovprising til Gud. Det kan vera ulike bønneceller, og det gjeld forbønnsteneste med handspålegging i spesielle situasjoner, og bønn og salving av sjuke.

7.7 Det allmenne prestedømet og nådegåvene

Det allmenne prestedømet er det evangeliske kyrkjeprinsippet i den lutherske kyrkja, har det vorte sagt. Det allmenne prestedømet og nådegåvene høyrer saman. Det første talar om den likskapen alle Guds born har i sin nådestand og som lemer på Jesu lekam. Det siste presiserer den fordelinga Herren føretek mellom borna sine for at heile lekamen skal fungera etter hans vilje og føremål. 1 Pet 2,5–9; 4,10f; 1 Kor 12,4ff; 2 Kor 5,17ff.

I dag er utfordringa når det gjeld det allmenne prestedømet, å oppmuntra alle Guds born til å leva og vitna i kraft av det Gud har gjeve oss. Samtidig er det utfordring til lekmannsrørsla å synleggjera åndeleg leiarskap på basis av dette prestedømet i tråd med dei bibelske ideala for slik teneste. Vegen går mellom verdsleg demokratitenkjing til utskiljing av ein høgkyrkjeleg embetsstand som meir eller mindre får monopol på forvaltinga av nådemidla.

Utfordringa når det gjeld nådegåvene synest å vera både å tala tydeleg om dei, gje rom for bibelsk fylde og ikkje minst knyta nådegåvene til forpliktande ansvar i tenestetruskap i misjonskallet.

7.8 Haugiansk arv

Med «haugiansk arv» kan vi eigentleg tala om dei fleste sidene av lekmannsrørsla sine ideal. Når vi likevel tek det med i eige avsnitt, er det for å få fram eit vesentleg poeng som kanskje ikkje alltid vert hugsa på. Vi tenkjer her på det samfunnsengasjementet som følgde Hauge og i spora etter han. Haugianarane hadde visjonar og handlekraft for næringsliv og sosiale tilhøve i bygd og by. Dei hadde også vidsyn for å utdanna og utrusta ungdommen for å ta medansvar i samfunnet. Vi trur at medvite syn for slikt og tale om det, formidlar positive haldningar og påverkar ungdomsgenerasjonen i sunn lei til det beste for samfunnet vårt i framtida. Det vil også ha ein positiv surdeigseffekt på folket vårt. Dette er ikkje å skikka seg likt med denne verda eller å la materialisme prega ein. Det er derimot med på å gje kristne frimot til fullt engasjemet i samfunnslivet med sin tydelege kristne integritet.

Tre hjelpestørsmål – 7

- * Korleis bør indremisjonen aktualisera dei åndelege idealane sine i dag?
- * Korleis bør indremisjonen gje ungdomsgenerasjonen utfordringar til pietistisk livsstil i dag?
- * Legg forsamlinga dykkar rett vekt på nådegåvane i bedehuset?

8. Organisasjonsprofil og felles ansvar

8.1 Starten

Den 19. oktober 1898 er DVI sin fødselsdag som storfellesskap for det «vestlandske» indremisjonsarbeidet. Forbundslinja er kjend for å ha felles lærebasis og sjølvstende for krinsar og lokalforeiningar til å ordna sine eigne saker. Sjå Lov for DVI paragraf 1–2. DVI er ikkje eit selskap, men eit fritt forbund. Denne fridomen er viktig for å halda godt saman i respekt for kvarandre. Samtidig er det viktig å understreka den veka ein har lagt på samling i det frie forbundet. Forbundet har liten organisatorisk innverknad utover sin eigen midte. Men det er viktig at Forbundet har åndeleg autoritet innover i indremisjonsarbeidet, og utover i kyrkje og samfunn. Det er stadig aktuelt å drøfta korleis ein kan halda levande kontakten mellom Forbundet og krinsane/lokale forsamlingar slik at dette fellesskapet fungerer på ein god og strategisk måte. Viktige i denne samanhengen er også dei møtestader og fellestiltak Forbundet har. Det er vårt felles ansvar å bruka desse i samsvar med vår målsetjing.

8.2 Årsmøtet

Årsmøtet i DVI er Forbundet sitt øvste organ. Her vert hovudlinjene i arbeidet drøfta, vedtak vert gjorde, og medlemmene til Forbundsstyret vert valde. Det bør vera fast punkt på alle lokale årsmøte å velja utsendingar til Forbundet sitt årsmøte. Slik kan årsmøtet på ein best mogeleg måte verta representativt for indremisjonsfolket.

8.3 Forbundsstyret

Forbundsstyret og generalsekretæren med medarbeidarane i administrasjonen står i fellesskapsteneste for heile Forbundet. Det er viktig å ha nær kontakt med heile forbundsfeltet og utøva den leiing og hjelpeteneste som tener god indremisjonsstrategi i dag. Forbundsstyret har også oppnemt ei rekke utval for å vera til hjelp for Forbundet i ulike misjonsoppgåver, og fleire kan verta aktuelle.

8.4 Forkynnarane

Forkynnarane er heile Forbundet sine medarbeidrarar. Forbundsstyret har ansvar for å kalla og senda ut forkynnarar til teneste i bedehusa i samråd med krinsar og lokalforeiningar. Grunnleggjande i dette kallet er det at lokale leiarar og forsamlingar forkynner tenestekallet, speider etter forkynnargåver, og er med og rustar dei til slik teneste.

8.5 Sambåndet

Sambåndet er Forbundet sitt hovudorgan. Dette bladet er eit viktig bindeledd i fellesskapet og talerøyr for misjonsfolket. Det er viktig at alle lokale leiarar tek medansvar for utbreiinga av bladet, held seg orientert frå bladet, og positivt engasjerer seg i spørsmål om stoff til bladet. Også på annan måte bør ein nytta seg av kristen litteratur, både til eiga rettleiing/oppbygging og i arbeidet. Forbundet har eigen studiesekretær som kan hjelpa her.

8.6 Bibelskulen

Bibelskulen har vore indremisjonsfolket sitt hjartebarn frå før Forbundet vart stifta. Skulen har gjerne vorte kalla Forbundet sin «lærestol». Det er viktig at heile misjonsfolket tek medansvar for bibelskulen i forbønn, offer og elevrekuttering. Bibelskulen er Forbundet sin viktigaste stad for utdanning av forkynnarar og framtidige leiarar til indremisjonsarbeidet.

8.7 Lyngdal Jordbrukskule og Framnes Kristne Vidaregåande Skule

Jordbrukskulen i Lyngdal som no er ein treårig kristen vidaregåande skule er den andre skulen som DVI eig fullt ut. Skulen starta i 1947.

I Lyngdal driv Forbundet også bibelcamp om sommarane.

Indremisjonsforbundet eig Framnes Kristne Vidaregåande Skule saman med ein av krinsane i DVI – Sunnhordland, Hardanger og Voss

Indremisjonsskipnad. Denne skulen tok imot den første elevflokkene hausten 1996.

Desse skulane har stort verdi både ved å utdanna norsk ungdom, fostra gode leiatar til samfunnet, og ikkje minst står skulane i ei rik sjølevinnarteneste mellom norsk ungdom.

8.8 Fleire skular

Skular er ein viktig del av indemisjonskallet. DVI er medeigar i Øytun Folkehøgskole, Norsk lærarakademi (både vitenskapeleg høgskule og lærarhøgskule), og gjennom skule- og rektormøte tek DVI medansvar for alle skular i Forbundet som er eigmund av Forbundet og krinsane. Her utgjer folkehøgskulane den største gruppa. Men det er også innan Forbundet ein kristen grunnskule på ungdomstrinnet (Sunnmøre Indremisjon sin Møre Ungdomsskule).

8.9 Diakonale tiltak

Diakonale institusjonar har det vorte mindre av i DVI dei siste åra. Men vi er framleis medvitne om å ta initiativ på denne sektoren og vurdera støtte til aktuelle tiltak som kjem fram.

8.10 Innvandrararbeid

Kristent innvandrararbeid (KIA) er også eit fellestiltak som DVI er med i. Vi trur det er eit viktig både evangeliserande og diakonalt oppdrag å ha omsorg for våre nye landsmenn.

8.11 Media

DVI har radiodrift som del av fleire lokale aksjonar, og stimulerer til at misjonsfolket satsar på nærradiodrift der det er mogeleg. Saman med Bibelskulen Bildøy Bergen og Radio Fana held vi på med å byggja opp radiobibelskule som tilbyr bibelundervisning til nærradioane. Vi var også med og starta Kristen Riksradio. Vi ønskjer å ta medansvar for at kristen radioverksemd kan vera eit godt tilbod innan mediasektoren.

8.12 Finnmark

Støtte til Finnmark må også nemnast som eit av Forbundet sine «fellestiltak». Støtte til indremisjonsarbeidet i Finnmark med offer, forkynnarrekrytering og støtte på annan måte, har vore ein del av DVI sitt arbeid i mange år. Vi har eigne indremisjonskrinsar i Finnmark. Gjennom foreningsarbeid, bønn og offer er indremisjonsfolket sørpå til hjelp og støtte for dette arbeidet.

8.13 Økonomi

Økonomien er det naturleg å nemna som eit felles ansvar. Både lokale lag, krinsen og Forbundet er avhengig av at misjonsfolket tek medansvar for å syta for regelmessig gjevarteneste til arbeidet.

Tre hjelpestørsmål – 8

- * Kva kan indremisjonsstyret gjera for at alle lag sender utsendingar til krinsårsmøtet og Årsmøtet i DVI kvar sommar?
- * Kva kan indremisjonsstyret gjera for at alle misjonsvenner vert abonnentar på krinsbladet og Sambåndet?
- * Kvæ kan indremisjonsstyret gjera for å tilskunda unge til å søkja DVI sine skular?

Litteratur

Vi nemner ein del aktuell litteratur som kan lesast til fordjuping av mykje av det som er skrive om ovafor.

Profilserien

i DVI har gjeve ut tre hefte:

Bibelsyn og bibelbruk, Arvid Joramo.

Bedehuset – heim og misjonsstasjon, Karl Johan Hallaråker.

Leiaren – i kall og oppgåve, Johannes Kleppa.

Andre aktuelle bøker og hefte i DVI

I Herrens teneste (Ingar Hjelset, Johannes Kleppa, Arne Lie),

I gode og vonde dagar, Karl Johan Hallaråker

Uttalar frå Forbundsstyret og rådsmøte

som er aktuelle, er m.a. Syn og Retningslinjer i Det Vestlandske Indremisjonsforbund (forpliktande uttale frå 1953)

Fri til teneste, Johannes Kleppa, Lars Johan Danielsen, Mikael Landro, Finn Jarle Sæle, og vedtak etter handsaminga av boka.

Andre bøker

Det gjeld Guds Ord, Egil Sjaastad, Johannes Kleppa, red.

Det gjeld Gud folk, Egil Sjaastad, Johannes Kleppa, red.